

Noregs miljø- og
biovitenskaplege
universitet

Masteroppgåve 2020 30 stp

Fakultet for landskap og samfunn

Kva kjenneteiknar rettsmekling i skjønn

*What defines judicial mediation in appraisal
cases*

Åshild Fagerbakke Fosse

Master i eigedom

FORORD

Oppgåva er ei avslutning på ein toårig mastergrad i eignedom ved Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU), som er gjennomført i perioden 2018-2020. Oppgåva blei skrivne våren 2020, og har eit omfang på 30 studiepoeng. Hovudrettleiar gjennom arbeidet har vore professor Per Kåre Sky. Jordskiftedommar ved Nord- og Midhordland jordskifterett, Solfrid Mykland Fjell, har vore birettleiar.

Eg vil nytte anledninga til å takka dei tilsette i jordskifterettane som har bidrege med datainnsamling og intervju. Ynskjer òg å takka Domstoladministrasjonen for hjelp med datainnsamlinga samt for tildeling av stipend. Stipendet har gjorde det mogleg å reise rundt for å intervjuje rettsmeklarar.

Ein stor takk til professor Per Kåre Sky og jordskiftedommar Solfrid Mykland Fjell som har bidrege til oppgåveskrivinga. Deira rettleiing, faglege samtalar og innspel, har vore til hjelp under arbeidet med oppgåva.

Vil òg takka alle eg delte lesesal med før koronasituasjonen gjorde det umogeleg å sitje der. Mina Sophie Dahl og tidlegare medstudent Haldri Kristine Vespestad Nesse fortener takk for gode innspel og fruktbare diskusjonar undervegs i arbeidet.

Ynskjer òg å takka Eirik Straume Normann, Trine Duesund Urne og Linn Hjartnes Henjum for korrekturlesing av oppgåva samt Hanne Mehus Lie for hjelp ved omsetjing av samandrag til engelsk.

Eg vil til slutt takka familien min for å støtta meg gjennom heile prosessen. Takk for lån av bil, og takk til familie som opna heimen sin når eg køyrde forbi.

Bergsdalen, 31.05.2020

Åshild Fagerbakke Fosse

SAMANDRAG

Tema for oppgåva er rettsmekling i skjønn. For å tilnærma meg oppgåva sitt tema og problemstilling har eg kombinert kvalitativ og kvantitativ metode.

Hovudproblemstillinga er: *Kva kjenneteiknar rettsmekling i skjønn?* Hovudproblemstillinga er delt opp i to underproblemstillingar: 1) *Kva er forskjellen på rettsmekling i rettsfastsetjande saker og i skjønn?* 2) *Korleis fordelast sakskostnader i rettsmekling i skjønnssaker?*

Eg har undersøkt rettsmekling i skjønn ved å intervjuje rettsmeklarar som har gjennomført rettsmekling i skjønn. Deretter laga eg ei matrise med informasjon frå rettsforlika. Informasjonen i matrisa har eg framstilt i diagram.

1) *Kva er forskjellen på rettsmekling i rettsfastsetjande saker og i skjønn?* Rettsmeklarane nyttar same prosessen ved rettsmekling i rettsfastsetjande saker og skjønnssaker. Ved rettsmekling i skjønn skal ein ikkje gjennomføra merking og måling, og rettsforliket må tinglysast av partane og ikkje av jordskifteretten. Ved rettsendrande kan ein merke, måle og tinglyse.

Gebyra for å gjennomføra rettsmeklinga er ulike. Ved skjønn må ein betale to rettsgebyr. Ved rettsfastsetjande må ein betale fem rettsgebyr i inngangsgebyr, i tillegg til to rettsgebyr i partsgebyr. Om det er rettsmekling i rettsfastsetjande saker kan retten justere gebyret. I skjønn skal saka avsluttast med å heva orskurd. Rettsfastsetjande skal det avsluttast med heva orskurd om det ikkje inkluderer merking og måling, då skal det avsluttast med jordskifteavgjersle.

2) *Korleis fordelast sakskostnader i rettsmekling i skjønnssaker?* Partane avtaler i dei fleste tilfelle sjølv korleis dei vel å fordele kostnadane. Avtaler dei ikkje noko skal det delast likt mellom partane.

I rettsforlika eg har sett på har partane i dei fleste tilfelle delt gebyra likt på alle som er med i rettsmeklinga. Ved fordeling av andre kostnadar, som juridisk bistand, er det vanlege at ein dekker kostnadane sjølv. Dersom saka hadde gått til ordinærbehandling, hadde rekvirent som hovudregel måtta betale nødvendige utgifter for den saksøkte.

ABSTRACT

The theme for the present MA thesis is judicial mediation when it comes to appraisal cases. Approaching the theme and the thesis, a combination of qualitative and quantitative methods has been used.

The overarching research question: *What defines judicial mediation in appraisal cases?* The research question is further broken down into two sub-research questions: 1) *What are the differences between appraisal cases and declaration cases regarding judicial mediation?* 2) *How are legal costs distributed in judicial mediation regarding appraisal cases?*

I have researched judicial mediation concerning appraisal cases by interviewing judicial mediators who have carried out judicial mediation in appraisal cases. I have created a matrix with the information from the legal settlements. The information from the matrices is presented in diagrams.

1) *What are the differences between appraisal cases and declaration cases regarding judicial mediation?* The mediators use the same process in both judicial mediation in declaration cases and appraisal cases. When it comes to judicial mediation in appraisal cases, markings and measurements are not carried out. In addition, the legal settlements must be registered by the parties involved and not by the land consolidation court. Declaration cases, in contrast, normally execute markings, measurements, and registration.

The fees for implementing judicial mediation also differ. Concerning appraisal cases, there are two court fees. Declaration cases, on the other hand, have five entry fees. If judicial mediation in declaration cases occurs, the court/land consolidation court can adjust the fee. When it comes to judicial mediation appraisal cases, the case will be closed by court order. Declaration cases, in contrast, can be closed by the court order if it does not include markings and measuring. If it includes markings and measuring, the case should be closed by land consolidation decision.

2) *How are legal costs distributed in judicial mediation regarding appraisal cases?* In most cases, the parties involved settle and agree on how to split the costs between them. If they do not settle on an agreement the costs will be divided equally.

Regarding the distribution of fees, it has in most cases been divided equally between the parts involved in the judicial mediation. Other costs, such as legal services, are normally paid by the ones obtaining these services. The distribution of legal costs in judicial mediation concerning appraisement cases differs from judicial mediation in ordinary cases. In ordinary cases, it is common practice for the applicant to pay the necessary expenses the defendant had.

INNHALD

1	INNLEIING.....	1
1.1	Bakgrunn for val av tema.....	1
1.2	Problemstilling.....	1
1.2.1	Underproblemstilling.....	2
1.3	Avgrensing av oppgåva.....	2
1.4	Struktur.....	2
2	TEORI.....	4
2.1	Innleiing.....	4
2.2	Relevant litteratur.....	4
2.3	Kompetansen til jordskifteretten.....	4
2.3.1	Skjønn.....	5
2.3.2	Rettsfastsetjande.....	6
2.4	Rettsmekling.....	7
2.4.1	Separate møte.....	9
2.5	Rettsforlik.....	9
2.5.1	Tvangsfullbyrde rettsforliket.....	10
2.5.2	Utanomrettsleg avtale.....	10
2.6	Sakskostnader.....	11
2.6.1	Sakskostnader ved skjønn i jordskifteretten.....	11
2.6.2	Sakskostnader ved rettsmekling i rettsfastsetjande saker.....	12
2.6.3	Rettskjøpsforsikring.....	12

2.7	Konflikt	12
2.8	Meklingsmodellar.....	14
3	METODE.....	17
3.1	Innleiing	17
3.2	Metodeval.....	18
3.3	Datainnsamlinga.....	19
3.4	Kritiske vurderingar av undersøkinga	22
3.4.1	Ulike metodar.....	22
3.4.2	Gyldigheit	23
3.4.3	Pålitelegheit.....	24
3.4.4	Utval av einingar.....	24
3.4.5	Kategorisering.....	25
3.5	Vurdering av funn og resultat.....	26
3.6	Etiske avvegingar og personvern	27
4	FUNN	28
4.1	Innleiing	28
4.2	Funn frå rettsforlik	28
4.3	Funn frå intervju.....	39
4.3.1	14 rettsmeklarar	39
4.3.2	Fordelar og ulemper med rettsmekling.....	39
4.3.3	Vurderingar ein gjer i forhold til val av rettsmeklingssakar	40
4.3.4	Forskjellar og likskapar på rettsmekling i rettsfastsetjande saker og i skjønn.....	40

4.3.5	Gjennomføring av mekling	41
4.3.6	Kombinerte saker	45
4.3.7	Sakskostnader	46
5	ANALYSE OG DRØFTING.....	48
5.1	Innleiing	48
5.2	Forskjell på rettsmekling i skjønn og rettsfastsetjande	48
5.3	Sakskostnader.....	52
6	KONKLUSJON.....	54
7	KJELDER.....	55
8	VEDLEGG	58

FIGUR OG DIAGRAMOVERSIKT

Figur 1 Konfliktrappa (u.å).....	13
Diagram 1 viser resultatet av rettsmeklinga i skjønnsaker.....	28
Diagram 2 viser kor mange saker som har bruk medhjelpar, teknisk utredar og ingen medhjelpar.	29
Diagram 3 viser kor mange eigedomar kvar sak hadde.....	29
Diagram 4 viser året sakene blei rekvirert.....	30
Diagram 5 viser året sakene blei rettsmekla.....	31
Diagram 6 viser kor mange saker som hadde advokat.....	32
Diagram 7 viser kva saka omhandla.....	33
Diagram 8 viser talet saker det er ein frist for gjennomføring.....	33
Diagram 9 viser om saka hevast som forlik med orskurd.....	34
Diagram 10 framstiller kva saker som blei tinglyst.....	34
Diagram 11 viser kor mange av rettsforlika som hadde med kart.....	35
Diagram 12 framstiller kor mange som gjennomførte merking i rettsforlika.....	35
Diagram 13 viser at ei sak hadde med vedtekter i forliket.....	36
Diagram 14 framstiller kor ofte det er nemnt i rettsprotokollen om det er brukt sær møte.....	36
Diagram 15 framstiller fordeling av sakskostnadane.....	37
Diagram 16 viser fordeling av kostnad til andre eigne kostnadar.....	38
Diagram 17 viser kor mange rettsgebyr dei måtte betale i kvar sak.....	38

1 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for val av tema

Tema for denne oppgåva er rettsmekling i skjønn. Då lov 21.juni 2013 nr.100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. tredde i kraft i 2016 blei det i større grad mogleg å gjennomføra skjønn i jordskifteretten. Det blei og større moglegheit til å gjennomføre skjønn då lensmannsskjønna blei avvikla og overført til jordskifteretten jf. Prop. 33 L (2016-2017) s. 31. I tillegg blei det mogleg å gjennomføre rettsmekling ved alle jordskifterettane etter § 6-18. Noko som gjer rettsmekling i skjønn interessant. Eit spørsmål som dukka opp innleiingsvis var om jordskifteretten hadde høve til å gjennomføra rettsmekling i skjønn, eller ikkje.

Jordskifteretten er ein problemløysar for tvistar knytt til fast eigedom og rettar til eigedom. Dei er ekspertar på eigedom, og hjelper naboar med å løyse eigedomsrelaterte naboforhold på best mogleg måte (Domstoladministrasjonen, u.å). Ein av måtane jordskifteretten er med å løyse konflikten på er ved rettsmekling. Ved rettsmekling kan ein finna ei minneleg løysing mellom partane. Partane er ofte naboar, og skal vere det etter at konflikten er ferdig. Rettsmekling gjer det mogleg for partane til å kunne påverke resultatet sjølv, og på den måten kan dei finna ei løysing dei aksepterer (Sky & Bjerva, 2018 s. 129).

Då eg observerte mekling, var det interessant å sjå korleis partartane kommuniserte. Partane gjekk gjerne frå å vera heilt ueinig, til å starte å prate ilag, til å koma til ei semje dei skriv under på. Det var så interessant å sjå, at eg ynskte å skrive oppgåve om det.

Før eg starta å samle data, hadde eg ei hypotese om at det ikkje var mange skjønssaker som er forsøkt rettsmekla.

1.2 Problemstilling

På bakgrunn av årsakene nemnt ovanfor valte eg å undersøke fylgjande hovudproblemstilling og underproblemstilling.

Problemstilling: Kva kjenneteiknar rettsmekling i skjønssaker?

Eg tykkjer problemstillinga er interessant ettersom det vil belyse ny kompetanse i jordskifteretten. Eg lurar vidare på korleis jordskifteretten gjennomføra slike saker, og sjå om dei ulike jordskifterettane gjennomfører slike saker likt.

1.2.1 Underproblemstilling

For å best mogleg finna ut det som «*kjenneteiknar rettsmekling i skjønnsaker*», ynskte eg å ha to underproblemstillingar.

Underproblemstilling 1: Kva er forskjellen på rettsmekling i rettsfastsetjande saker og i skjønn?

Eg vil undersøke om dei gjennomfører rettsmekling på same måte uavhengig av sakstype, og om det er noko forskjell ut i frå kva sakstype ein gjennomfører saka etter.

Underproblemstilling 2: Korleis fordelast sakskostander i rettsmekling i skjønnsaker?

Sidan det i utgangspunktet er rekvirent som ved skjønn må betale sakskostnadane til jordskifteretten, og til juridisk bistand, vil eg undersøke om det òg er tilfelle om ein gjennomfører saka med rettsmekling.

1.3 Avgrensing av oppgåva

Eg har valt å avgrense oppgåva til å sjå på rettsmekling gjennomført i jordskifteretten. Ved å sjå på lovverket som gjeld for rettsmekling av skjønnsaker og rettsfastsetjande. Eg har lagt hovudvekt på rettsmekling av skjønnsaker ved å sjå på rettsforlika av sakene som er rettsmekla i skjønn. Årsaka til dette er at det i 2016 kom utvida kompetanse til jordskifteretten, der det vart mogleg å gjennomføra rettsmekling i skjønn. Det har difor ikkje vore skrive så mykje om dette temaet før. Det har tidlegare vore skrive om rettsmekling av rettsfastsetjande saker etter kapittel 4 i jordskiftelova.

1.4 Struktur

Oppgåva består av seks kapittel; Innleiing, teori, metode, funn, drøfting og analyse, og konklusjon. Formålet med inndelinga av kapitla er å skapa ein oversiktleg framstilling som ledar lesaren mot oppgåvas konklusjon.

Første kapittel er ei innleiing der ein får innblikk i kva problemstillinga er, og kvifor eg har valt å skrive denne oppgåva. Det andre kapittelet framstiller det teoretiske rammeverket for oppgåva. Eg har valt teori for å gje lesaren ei betre utgangspunkt i å forstå oppgåva.

Tredje kapittel er metodekapittelet. Der forklarar eg teoretisk kva metode er, og kva framgangsmåte eg har hatt ved denne oppgåva. Eg har og grunngjeve vala eg har tatt undervegs. Det vil gje forståing for kvifor eg har kome fram til dei funna eg kjem inn på i kapittel fire.

I det fjerde kapittelet vil eg presentere funna eg har fått gjennom analyse av rettsforlik og intervju. Det femte kapittelet tar for seg drøfting og analyse. Her drøftar eg analyse av rettsforlika, intervjuet og teori opp mot kvarandre. Det sjette kapittelet gjer lesaren ein konklusjon, der eg summerer funna i oppgåva.

2 TEORI

2.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg ta føre meg teorien eg har nytta i oppgåva. Det skal hjelpe med forståinga av problemstillingane og temaet. Her ser ein blant anna på kompetansen til jordskifteretten, kva skjønn er samt meklingsmodellar.

2.2 Relevant litteratur

Det har tidlegare ikkje vore forska på rettsmekling i skjønn. Hovudsakleg har eg nytta lovverket som kjelde til å innhente teori. Eg har nytta jordskiftelova, jordskiftelova sitt forarbeid Prop. 101 L (2012-2013), skjønnsprosesslova, tvistelova, tvistelova sitt forarbeid Ot. Prop.nr 51 (2004-2005), rettsgebyrlova, oreigningslova og avtalelova. I tillegg til lovverket har eg hatt nytte av:

Solfrid Fjell Mykland (2019) sin artikkel om «*Rettslige rammer for rettsforlik i jordskifteretten. En analyse av jordskifteloven § 6-26*» Ein artikkel om rettsmekling, rettsforlik og utanomrettsleg avtale.

Camilla Bernt (2010) har skreve ei bok om «*Meklerrollen ved mekling i domstolen*». Boka har eg brukt til å finna fakta om blant anna sær møte.

Vibeke Vindeløv (2013) si bok «*Konflikt mægling. En refleksvis model*». Eg har brukt boka til å få ei forståing av konflikhtar, korleis dei utviklar seg, og kva for metode ein kan nytte for å løyse konflikhtar.

2.3 Kompetansen til jordskifteretten

Lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (heretter jordskiftelova) sitt formål er å «*leggja til rette for effektiv og rasjonell utnytting av fast eigedom*» jf. § 1-1. Jordskifteretten kan behandla krav om endringar i eigedom og rettar etter kapittel 3 i lova, fastsetje eigedomstilhøve, rettar og grenser etter kapittel 4 samt gjennomføra skjønn etter kapittel 5 jf. § 1-4 i jordskiftelova. For å kunne setje fram krav om sak må ein vera eigar av fast eigedom, eller ha rett knytt til fast eigedom jf. jordskiftelova § 1-5.

Ved rettsendrande saker etter kapittel 3 er avgjersleforma jordskifteavgjersle jf. § 6-23 fjerde ledd i jordskiftelova. Etter § 6-18 fyrste ledd kan ein inngå rettsforlik etter det som i § 6-23 fyrste ledd er avgjort med dom. Noko som i utgangspunktet vil seie at ein ikkje kan gjennomføra rettsmekling av rettsendrande saker. Unntaket er ved tvistar som er behandla som ein del av ei jordskiftesak etter § 3-13, der avgjersla er dom.

2.3.1 Skjønn

I Prop. 101 L (2012 -2013) s. 220 er sakstypen skjønn i jordskiftelova definert som utmåling av erstatningsvederlag. For å kunne gjennomføra skjønn må det etter § 4 i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker (heretter skjønnsprosesslova) vera heimel i lov. I tillegg må vilkår om meir gang enn skade etter lov 23. oktober 1959 om oreigning av fast eigedom (oreigningslova) § 2 andre ledd vera oppfylt. Det kan blant anna gjennomførast skjønn ved fastsetjing av vederlag ved ekspropriasjon, innløyising eller endring av ein rett.

Skjønnsprosesslova gjeld ved skjønn i jordskifteretten i den grad det går fram av jordskiftelova § 5-7 jf. § 1 i skjønnsprosesslova.

Etter lov 21. desember 1979 nr. 77 om jordskifte o.a. (jordskifteloven) § 6 femte ledd var jordskifterettens sin kompetanse til å gjennomføra skjønn avgrensa til å gjelda areal som var til landbruks-, natur og friluftsmål. Noko som betyr at kompetansen til jordskifteretten blei utvida når ny jordskiftelov tredde i kraft i 2016.

Skjønn i samband med jordskifte

Kapittel 5 i jordskiftelova omhandlar kva for type skjønn ein kan gjennomføra i jordskifteretten. Jordskiftelova §§ 5-1 til 5-3 er kva type skjønn ein kan gjennomføra i samband med jordskifte. Det er blant anna skjønn i samband med tiltaksjordskifte, vernejordskifte, tiltak i vassdrag, skjønn og andre avgjerder etter ein rekke andre lover. Dei andre lovene er blant anna lov 5. mai 1961 grannegjerde, lov 9. desember 1994 nr 64 løysningsrettar § 22 og lov 21. juni 1963 nr. 23, om vegar kapittel VII.

Ved skjønn i samband med jordskifte blir saka ført etter jordskiftelova sine prosessreglar jf. § 5-7 fyrste ledd. Dersom jordskiftelova ikkje har reglar om behandling, skal ein sjå på reglar for skjønn styrt av tingretten i lov 1. juni 1917 nr 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. I tillegg må ein

førehalda seg til prosessreglane nemnt i eventuell lov ein tek avgjerda om, som veglova jf. § 5-7 i jordskiftelova. Ved skjønn i samband med jordskifte gjeld kapittel 6 i jordskiftelova jf. § 6-1.

Skjønn i samband med jordskifte etter §§ 5-1 til 5-3 blir avgjort ved jordskifteavgjerd jf. § 6-23 fjerde ledd bokstav d , og kan ikkje rettsmeklast etter § 6-18. Etter § 6-23 er det berre dei som har dom som avgjersle som kan rettsmeklast.

Skjønn som eiga sak etter jordskiftelova

Det er og mogleg å gjennomføra skjønn som eiga sak jf. §§ 5-4 til 5-6 i jordskiftelova. Dei kan gjennomføra skjønn etter andre lover, som blant anna 5. mai 1961 grannegjerde, lov 9 desember 1994 nr 64 løysningsrettar § 22 og lov 21. juni 1963 nr. 23 om vegar kapittel VII etter jordskiftelova § 5-4. Det er og mogleg å gjennomføra avtaleskjønn etter § 5-5 i jordskiftelova. Eller bestemme at skjønn og andre avgjerder etter §§ 5-1 til 5-3 skal skiljast ut, og behandlast som ei eiga sak jf. § 5-6.

Ved skjønn som eiga sak etter §§ 5-4 til 5-6 skal jordskifteretten fylgja reglane for skjønn styrt av tingretten i lov 1. juni 1917 nr. 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker. I tillegg må ein rette seg etter prosessreglane nemnt i eventuell lov ein tar ei avgjerd om, som grannegjerdelova eller veglova jf. § 5-7 i jordskiftelova.

Skjønnsprosesslova § 2 fyrste ledd viser til lov 17. juni 2005 nr 90 om mekling og rettargang i sivile tvistar (heretter tvistelova), og kva kapittel frå tvistelova som får tilsvarande bruk i skjønssaker. Av dei kapitela i tvistelova som kan brukast i skjønssaker og har relevans for denne oppgåva er kapittel 8 om «mekling og rettsmekling i de allminnelige domstoler», og kapittel 19 «Rettslige avgjersler og rettsforlik». Rettsmekling kan difor gjennomførast av skjønssaker i jordskifteloven.

2.3.2 Rettsfastsetjande

Rettsfastsetjande er ein type sak som blir gjennomført i jordskifteretten. Det er saker etter § 4-1 og § 4-2 i jordskiftelova. I jordskiftelova § 4-1 er det saker der jordskifteretten fastset innhald i eigedomstilhøve og rettar. Det kan omhandla sameige, sambruk, jordsameige, område med

reindrift og der det er sambruk av uteareal som ligg til ein eigarseksjon. Ved sak etter § 4-2 kan jordskifteretten fastsetje grenser for fast eigedom og rettar.

Ved rettsfastsetjande saker etter kapittel 4 er avgjersleforma dom jf. § 6-23 i jordskiftelova. Det er saker som har dom det er mogleg å rettsmekle etter jordskiftelova § 6-18. Det er dermed mogleg å rettsmekle rettsendrande saker.

2.4 Rettsmekling

Rettsmekling gjer det mogleg å løyse konfliktar mellom to partar. Rettsmekling er regulert i tvistelova. Det kan gjennomførast rettsmekling etter tvistelova jf. § 8-3. Retten kan avgjere at de skal gjennomførast. Ved vurdering om det skal gjennomførast skal ein sjå om det er mogleg å få til eit forlik. Ynskjer ikkje partane å gjennomføra rettsmekling skal det berre gjennomførast om det er særleg grunn til å gjennomføra.

Ved rettsmekling etter tvistelova kan forberedande dommar, ein av domstolane sine andre dommarar eller person frå utval av rettsmeklar for domstolen vera rettsmeklar. Det er og mogleg òg utnemne annan rettsmeklar om partane samtykker, jf. tvistelova § 8-4. Noko som tilsvara at teknisk personell ved jordskifteretten ikkje kan rettsmekle skjønn med mindre dei er med i utvalet rettsmeklarar, eller blir utnemnt med samtykke frå partane. Ved rettsmekling etter jordskiftelova § 6-18 tredje ledd kan teknisk personell utføre rettsmeklinga, som rettsmeklar. Noko som vil seie at ved rettsfastsetjande saker kan teknisk personell utføre rettsmeklinga utan å bli utnemnt som rettsmeklar, men ikkje i skjønn.

Det kan nyttast hjelpar ved rettsmekling. Det er same krav til inhabilitet for rettsmeklar og hjelpar som for dommar jf. 8-4 andre ledd i tvistelova.

Rettsmekling finn stad utanfor rettsmøte. Korleis møtet skal gjennomførast bestemmer rettsmeklar i lag med partane. Det kan gjennomførast møter med partane kvar for seg eller samla. Møter som blir gjennomført der partane er kvar for seg blir kalla særsmøte. Ved rettsmekling skal rettsmeklar vera upartisk og prøve å finna ut kva partane sine interesser er. Rettsmeklar kan peike på løysingsforslag samt drøfte sterke og svake punkt i partane sine rettslege og faktiske argumentasjonar etter tvistelova § 8-5.

Hovudoppgåva til rettsmeklaren er å leggje til rette for at partane kan koma med eigne løysingar. Det er ei subsidiær arbeidsoppgåve å koma med forslag. Ein skal koma med forslag når partane har fått tid til å koma med løysingar sjølv. Hovudsakleg om det ser ut som det kan bli brot i forhandlingane (Bernt, 2010 s. 434). Det går fram av Ot. prp. nr. 51 s. 126 om rettsmeklar kjem med løysingsforslag eller drøfter sterke og svake punkt må ein informere godt om at det ikkje er ein domsprognose.

Rettsmeklar skal føre ein protokoll for rettsmeklinga. Protokollen skal blant anna innehalde domstol, tid og stad for meklinga, kven som er partar og kven av dei som møtte på rettsmeklinga. Om det er avhøyrd vitne eller sakkunnige skal det står i protokollen. Blir partane einige, kan inngå forliket som eit rettsforlik. Ved rettsforlik skal det førast inn i rettsprotokollen jf. tvistelova § 8-5.

Ved rettsmekling har ein teieplikt. Partane kan i annan eller same sak fortelje om konkrete bevis som blei opplyst samt forslag til minneleg løysing. Rettsmeklar har òg teieplikt. Rettsmeklar kan forklare seg om ein avtale som er i samsvar med avtalen parten blei einig om jf. § 8-6 i tvistelova. Om ein ikkje oppnår rettsforlik, vil behandlinga fortset ved domstolen jf. tvistelova § 8-7 fyrste ledd.

Ved rettsmekling gjennomført etter jordskiftelova kan ein etter § 6-18 fjerde ledd gjennomføra merking, måling og tinglysing. Merkinga og målinga skal gjennomførast av jordskifteretten etter § 6-29 i jordskiftelova. Tinglysing skal gjennomførast av jordskiftedommar etter jordskiftelova § 6-31. I jordskiftelova § 6-29 skal det merkast og målast ved dom og jordskifte, skjønn er ikkje nemnt. Etter § 6-31 i jordskiftelova er det jordskiftedommar og ikkje skjønnsretten som skal gjennomføra tinglysing. I tvistelova og skjønnsprosesslova er det ikkje nemnt noko om merking, måling og tinglysing. Noko som vil seie at det ikkje er heimel til å gjennomføra merking, måling og tinglysing ved rettsmekling i skjønn.

Blir det inngått rettsforlik i skjønn, skal saka hevast ved orskurd etter tvistelova § 19-1 andre ledd bokstav b; «*Som hever en sak som av andre grunner enn nevnt i bokstav a bortfaller utan realitetsavgjørelse*». Rettsforliket er ikkje ei realitetsavgjersle, og saka hevast difor med orskurd. Jordskiftelova § 6-23 andre ledd bokstav b er tilsvarande som tvisteloven § 19-1, så rettsforlik i

rettsfastsetjande saker skal og hevast ved orskurd. Er det med måling og kartfesting, skal det avsluttast med jordskifteavgjersle jf. jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav c.

Kompetansen til å gjennomføra rettsmekling blei endra ved innføring av ny jordskiftelov (2013). Ved jordskiftelov frå 1979 var det ikkje vist til tvistelova kapittel 8 II som omhandlar rettsmekling i tvistelova jf. § 97. Det var ei forskrift som regulerte rettsmeklinga jf. § 89b. Forskrift om rettsmekling for jordskifteretten FOR.2007-01-22-80 kunne rettsmekle saker der jordskifteretten skulle klarleggje og merkje grenser eller om jordskifteretten skulle fastsetta eller klarleggja ein bruksrett etter §§ 88 og 88 a i jordskiftelova (1979)

2.4.1 Separate møte

Etter tvistelova § 8-5 fyrste ledd kan ein ved rettsmekling halde separate møte. Separate møte blir kalla særmøte. Særmøte kan nyttast om ein ynskjer å fortelje rettsmeklar noko ein ikkje ynskjer motparten skal veta. Det kan òg nyttast om meklar ynskjer å spørje partane om vanskelege spørsmål, utan å måtte tenkje på den andre parten sin reaksjon eller tankar om det (Bernt, 2010 s. 58). Slike møte kan vera nyttig om ein ser det er ein ubalanse i maktforholdet mellom partane eller for å bryte opp i mønsteret. Kan gjere det ved å konfrontera den som fram står manipulerande, eller stille spørsmål til den som ser ut som blir manipulert for å gje den betre sjølvtilit (Bernt, 2010 s. 61). I nokre tilfelle opnar partane seg meir ved bruk av særmøte. Ved bruk at særmøte er det viktig at rettsmeklar veit kva han kan formidla vidare til den andre parten.

2.5 Rettsforlik

Ein kan inngå rettsforlik eller utanomrettsleg avtale ved gjennomføring av rettsmekling. Etter tvistelova skal rettsforlik førast inn i rettsboka. Tvistelova § 19-11 nemner kva forliket må innehalde. Det skal underskrivast av partane og retten sine medlemar. Rettsmeklar må kontrollere at forliket angjev nøyaktig det partane er einige om. Han må òg kontrollere at det ikkje strider i mot offentleg omsyn som avgrensar partane si rådvelde. Det må vera ein oppfyllingsfrist om forliket skal kunne fullbyrdast. Det er viktig at partane har fått innføring i kva eit rettsforlik er for noko. Er partane einig om fordeling av sakskostnadar må det vera ein del av forliket. Er dei ikkje einige skal retten etter krav frå partane avgjere fordeling av sakskostnadar jf. § 19-11 i tvistelova.

Etter §19-12 i tvistelova har rettsforlik rettskraft. Rettskraft inneber at det er bindande for partane og ein kan gjennomføra avtalen med tvang jf. § 19-15. Det har same verknad som ein dom.

Ved rettsforlik etter jordskiftelova står krava til rettsforliket i § 6-26 i jordskiftelova. Denne paragrafen viser til tvistelova §§ 19-11 og 19-12, noko som vil seie det er same krav til rettsforlik i rettsfastsetjande og i skjønn.

Rettsforliket er ei bindande løysing av det som er tvistegjenstanden i ein jordskiftesak. Ein avtale som blir inngått mellom partane, der tvistekrava må vera løyst. Det som ikkje omhandlar tvistekrava vil få verknad som ein utanomrettsleg avtale, noko som betyr at partane kan vera kreative med å trekka inn dei elementa dei ynskjer i eit rettsforlik (Fjell, 2019 s. 193). Ynskjer ein at alle krava skal få rettskraft, kan rekvirent krevja utviding av sak. Saksøkte må då få koma med tilsvar på utviding av sak (Stokstad, 2015 s. 158). Ein kan ikkje trekkje inn element som er ulovleg. Til dømes å overskride matrikkellova si avgrensing for arealoverføring. Ein kan heller ikkje trekke inn element som gjer at tredjepart lid tap. Tredjepart kan mellom anna vera panthavar (Fjell, 2019 s. 199).

Ein kan avtale rettsendrande element i rettsfastsetjande rettsmekling ved rettsmekling i jordskifteretten, og rettsfastsetjande og rettsendrande element i skjønssaker (Fjell, 2019 s. 201).

Eit rettsforlik er bindande og kan ikkje ankast etter tvisteloven §§ 19-12 og 19-15.

2.5.1 Tvangsfullbyrde rettsforliket

Rettslege avgjersler som pålegg nokon ei plikt til å foreta, ikkje gjere eller tole ei handling, kan fullbyrdast etter reglane i lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse (tvangsfullbyrdelsesloven) jf. §19-13 fyrste ledd. Eit rettsforlik er ein rettsleg avgjersle. Er det eit gjeremål som ikkje blir gjennomført innan fristen satt i rettsforliket, kan det tvangsfullbyrdes.

2.5.2 Utanomrettsleg avtale

Ved rettsmekling er det og mogleg å inngå ein utanomrettsleg avtale. Reglane om ordinær avtale fylgjer av lov av 31 .mai 1918 nr 4 om avslutning av avtaler, om fuldmagt og om ugyldige viljeserklæringer (avtaleloven). Eit rettsforlik kan tvangsfullbyrdast, det kan ikkje ein utanomrettsleg avtale, med mindre ein går rettens veg.

Avtalefridom består av at kvar og ein sjølv kan avgjere om ein ynskjer å inngå avtale. Om ein ynskjer å inngå avtale vel ein sjølv kven ein ynskjer å inngå avtale med, og kva avtalen skal innehalde (Giertsen, 2014 s. 6). Avtalen må vera inngått på ein måte, og med innhald som rettsorden anerkjenner, om ikkje er den ugyldig (Giertsen, 2014 s. 4). Ein avtale som er inngått er bindande, og skal oppfyllest slik den er inngått (Giertsen, 2014 s. 9). Munnlege og skriftelege avtalar er like bindande. Partane kan inngå avtale fram til ei sak har fått dom (Fjell, 2019 s. 192).

2.6 Sakskostnader

2.6.1 Sakskostnader ved skjønn i jordskifteretten

Sakskostnadsreglar som er i skjønnsprosesslova gjeld både for skjønn i samband med jordskiftesak, og som eiga sak. Når det er skjønn i samband med sak, skal kostnadane som gjeld skjønnet fordelast etter skjønnsprosessloven, og dei som gjeld jordskifte fordelast etter jordskiftelova jf. § 7-10 i jordskiftelova.

«Saksøkeren skal erstatte saksøkte nødvendige utgifter i anledning av skjønssaken.» jf. § 54 fyrste ledd i skjønnsprosesslova. Ein må difor vurdera kva som er nødvendige utgifter. Har nokre av dei saksøkte like interesser skal dei nytte same juridiske og tekniske bistand. Juridisk og teknisk bistand som er nytta etter saka har starta kan difor bli erstattast av saksøkte.

Etter § 1 andre ledd i lov 12. desember 1982 nr. 86 om rettsgebyr (heretter rettsgebyrlova) reknast gebyret ut i frå rettsgebyr. Departementet fastset rettsgebyr i forskrift. Etter § 11 i rettsgebyrloven skal ein betale 5 gonger rettsgebyr for kvar dag eller del av dag som skjønnet varer. Blir skjønnet trekt eller avslutta før fyrste rettsmøte skal ein betale 2 gonger rettsgebyr. § 2 andre ledd femte setning i rettsgebyrloven står det at godtgjering til rettsmeklar skal dekkjast med lik del av partane. Ved rettsmekling av skjønn kan ein tolke rettsgebyrloven som at kostnadane ved rettsmekling skal fordelast likt på dei som deltar. Det går fram av Ot. Prp. nr. 51 s. 510 og 129 at om dei blir einige om ei anna fordeling under rettsmeklinga, då er det den fordelinga som skal fylgjast.

Rettsmeklar skal treffe avgjersle om sakskostnadar, og ikkje retten. Dette gjeld og om rettsmeklar ikkje er ein dommar (Fjell, 2019 s. 194).

2.6.2 Sakskostander ved rettsmekling i rettsfastsetjande saker

Ved sak etter jordskiftelova kapittel 3 og 4 skal partane betale inngangsgebyr, partsgebyr og grenselengdegebyr etter § 7-1. Inngangsgebyr er fem gongar rettsgebyr jf. § 7-2. Partsgebyret er to gonger rettsgebyr etter § 7-4. I § 7-3 står det at grenselengdegebyr er kostnad for koordinatfesting av nye grenser og eksisterande grenser. Gebyret går fram av forskrift FOR-2015-11-10-1267, og er to rettsgebyr per påbegynte 0.5 km. Avvik arbeidstida frå det vanlege kan jordskifteretten endre dei samla gebyra jf. § 7-5.

Grenselengdegebyr er berre aktuelt i dei sakene merking og måling blir gjennomført. Ved rettsmekling i rettsfastsetjande saker kan ein gjennomføra merking og måling.

Fordelinga av sakskostnadar ved sak etter kapittel 3 og 4 skal fordelast etter den nytten dei har av saka jf. § 7-6.

2.6.3 Rettshjelpsforsikring

Rettshjelpsforsikring inngår til dømes i innbuforsikring eller forsikring til hus. Ei forsikring som dekkjer utgifter til blant anna advokat, vitne, retten og sakkunnig. Forsikringssummane varierer (Robberstad, 2018 s. 413). Gjensidige si husforsikring dekkjer opptil 100 000 kr, derav ein eigenandel på 4000 kr og 20 % av beløpet. Forsikringa dekkjer ikkje idømde sakskostnadar (Gjensidige, u.å).

2.7 Konflikt

I følgje Vibeke Vindeløv er ei konflikt ei usemje mellom to eller fleire partar. Som ofte får fram spenningar i ein av dei eller mellom dei (Vindeløv, 2013 s. 60). Dei fleste ser på konflikt som noko negativt, der ein har ein vinnar-tap situasjon (Vindeløv, 2013 s. 58). Konflikt er ein del av livet. Blir ei konflikt løyst, tar det ikkje lang tid før ei ny konflikt oppstår. Det er mogleg å bli klokare på, og flinkare til å forholde seg konstruktiv til konflikten (Vindeløv, 2013 s. 59).

Konfliktmekling kan definerast som ein frivillig og fortruleg konfliktløysingsmetode. Kor ein eller fleire upartiske tredjepersonar hjelper partane med sjølv å finne, og forhandle seg fram til ei tilfredsstillande løysing gjennom ein strukturert prosess. Meklar leiar meklinga, men tek ingen avgjersler (Vindeløv, 2013 s. 50-51).

Ei konflikt kan utvikle seg i sju stadium, men det er ikkje nødvendig at konflikten utviklar seg gjennom alle dei sju trinna. Figur 1 viser dei ulike trinna i konfliktrappa. Konfliktrappa sitt fyrste steg er *uoverstemming*, der partane vedkjenner at dei er ueinige. Dei er einige om å vera ueinige. Fokuset er retta mot konflikten og ikkje mot personen ein er ueinig med. Her er problem og person åtskild (Vindeløv, 2013 s. 81).

Trinn to er *personifisering*. Ein startar å tvile på den andre sine motiv. Ein meiner det er motparten si skuld at det har oppstått ei konflikt. Kommunikasjonen mellom partane er uklar og ufullstendig. Skuldnadar, misforståingar og forsvar blir ein del av konflikten. Avstanden mellom partane har vakse. Problem og person er ikkje lengre åtskild. På trinn tre veks problemet. Dei mistar trua på kvarandre, dei brukar tidlegare hendingar til å underbygge oppfatninga av personen. Dei fokuserer på den andre sine feil og manglar. Ein flyttar ansvaret for usemja over på den andre. Når trinn fire er nådd *reduserast samtalen*. Her

startar partane å unngå kvarandre og gjev opp samtalar med den andre parten (Vindeløv, 2013 s. 82). Dei går frå å snakka med kvarandre, til å snakka om kvarandre. Dei snakkar om kvarandre for å søke allierte, ikkje for å finna ut kva som gjer at dei har ei konflikt (Vindeløv, 2013 s. 83).

Trinn fem er *fiendebilette*. På dette trinnet er oppfatninga av den andre part farga av meiningar, og ein ser berre feil hos den andre part. På dette steget er det viktigaste å få rett, og at den andre parten orsakar seg eller overgir seg. Kvifor problema oppstod har partane gløymd, og partane kan ikkje tenkja på anna enn konflikten. Trinn seks er *opent fiendsleg*. Her er verkelegheitsoppfatninga borte, den andre personen ser ein ikkje som eit medmenneske, men som eit udyr som må uskadeleggjerast. Difor gjennomfører ein handlingar som skader den andre. Trinn sju er *polarisering*. Alle som er allierte med den andre blir sett på som forrædarar. Det å skulle bli einig er umogleg, og det som blir sett på som einaste løysing er å flytte. Konflikten kan då stanse ved at partane ikkje lenger treffest, eventuelt heldt konflikten fram ved å «bombadere» den andre (Vindeløv, 2013 s. 83).



Figur 1 Konfliktrappa (u.å)

2.8 Meklingsmodellar

Det finns mange måtar å løyse ei konflikt på. Dei mest kjende modellane er den problemløysande, den transformative, den kognitive, den narrative, den humanistiske og den organiske (Vindeløv, 2013 s. 20).

Den problemløysande modell legg vekt på partane sine interesser og behov. I den transformative modellen blir det lagt stor vekt på partanes egne kjensler. Den kognitive modellen meiner derimot at kjensler er forstyrrende for prosessen (Vindeløv, 2013 s. 20). I praksis blandar modellane seg. Ein bruker ulike element i ein eller fleire av dei ulike modellane (Vindeløv, 2013 s. 21).

I den problemløysande modell er hovudmålet at partane inngår ein avtale som tar utgangspunkt i deira interesser og behov med eit vinn-vinn fokus. Modellen legg ikkje fokus på relasjonen mellom partane, men kan vera ein sekundær bonus. Følelsane til partane blir sett på som forstyrrende. Store delar av meklinga går føre ved sær møte. Meklaren har ved den problemløysande modell ei dominerande rolle. Modellen blir ofte brukt i forretningssamanheng (Vindeløv, 2013 s. 41).

Den kognitive modellen er fornuftsbestemt og erfaringsbasert. I denne modellen er reflekterande spørsmål vesentleg for å få partane til å tenkje over egne tankar. Meklaren sitt mål i denne modellen er å få til ein avtale. Meklaren har ei framstående rolle, og unngå kjensler (Vindeløv, 2013 s. 42).

Den transformative modellen er verdibasert og prosessorientert. Hovudformålet er ikkje at partane inngår ein avtale, men det å endre og styrke samhandlinga mellom personane og samfunnet dei er ein del av (Vindeløv, 2013 s. 43).

Den narrative modellen meiner konflikten oppstår på grunn av historiene partane lager når de skal skildre hendinga. Modellen prøver å lage ein relasjon mellom partane som ikkje har ei konflikt, ved å utvikle historia som bygger på respekt, forståing og samarbeid. Modellen nyttar ofte sær møter i starten av prosessen. Meklaren har ei sentral rolle i prosessen (Vindeløv, 2013 s. 43).

Den humanistiske modellen søker å oppnå fred mellom partane, ved å koma i dialog. Denne modellen går ut frå at alle menneske eigentleg ynskjer å leve i fred, og møte konflikt ved å vera open. Modellen vert ofte nytta mellom gjerningsperson og offeret, med ynskje om å kome til ei forsoning (Vindeløv, 2013 s. 44).

Den organiske modellen vert verdiane harmoni og fellesskap prioritert framfor interessene til den enkelte. Ein skal difor attskape gode relasjonar ved samfunnsverdiar (Vindeløv, 2013 s. 44).

For å kunne løyse ei konflikt er verdiane og etikken til meklaren meir viktig enn teknikken meklaren brukar, for under press vil dei verdiane koma fram (Vindeløv, 2013 s. 23). Har ikkje meklaren rettsreglar å førehalda seg til, føreheldt meklar seg i høg grad til si eigen oppfatning av rett og gale (Vindeløv, 2013 s. 24).

Konfliktar er ein del av livet til alle menneske. Det er partane sjølv som veit best kva som er best for dei. For det er partane sjølv som skal leve med konflikten eller ein eventuell avtale partane blir einige om. Det er meir sannsynleg å få til ein god avtale om partane ynskjer det (Vindeløv, 2013 s. 25).

Mekling blir som hovudregel gjennomført i eit lukka rom. Det er difor ikkje risiko for forstyrringar. Det er teieplikt om det som er snakka om under mekling. Kor stor rolle meklar har under mekling kan variere ut frå kva type mekling det er. Det er partane som bestemmer kva resultatet av meklinga skal vera (Vindeløv, 2013 s. 27).

Konfliktmekling kan brukast i dei fleste konfliktar om partane ynskjer å nytte det for å løyse konflikten (Vindeløv, 2013 s. 28).

Dei fleste har dårleg erfaringar med konflikt. Vindeløv meiner ei konflikt er eit resultat av å handtere ei usemje på ein dårleg måte. Ho meiner vidare at utan konflikt vil det stagnere, bli kjedeleg eller bli eit resultat av undertrykking (Vindeløv, 2013 s. 31).

Vindeløv har delt opp sin metode på å mekle i seks steg. Det fyrste steget er opning. Under opninga ynskjer meklar velkomen med å presentere seg sjølv, informere om rollene til meklar og partar og om føresetnader for møtet som teieplikt og frivillig deltaking. Rettsmeklar seier og kva han veit om saka (Vindeløv, 2013 s. 203). Steg to er at partane fremjar si oppfatning av saka for å få fram interessene og behova sine (Vindeløv, 2013 s. 209). Steg tre er ei felles

problemformulering. Dette blir laga slik at partar og rettsmeklar skal vita kva dei ynskjer å finna løysingsforslag til (Vindeløv, 2013 s. 227). Etter ein har funne ut kva problem ein ynskjer å finna løysing på, går ein vidare til å finna løysingsforslag på steg fire. Dette skal vera ein fase der partane ukritisk skal koma med forslag, og utan å kritisera kvarandre sine forslag (Vindeløv, 2013 s. 231). Ved steg fem skal ein vurdere forslaga som er komne fram. Målet med steget er å forhandle seg fram til ei løysing som er realistisk og tar vare på alle partar sine interesser (Vindeløv, 2013 s. 239). På siste og sjetste steg skal avtalen formulerast. Meklaren bør på dette steget gå gjennom avtalen punkt for punkt, slik at ein får fjerna uklarheiter (Vindeløv, 2013 s. 251).

3 METODE

3.1 Innleiing

I dette kapittelet skal eg grunngje val av metode og skildra korleis eg har nytta metoden for å klargjere oppgåva si problemstilling og underproblemstillingar.

I fylgje sosiolog Vilhelm Aubert er metode «*en fremgangsmåte, et middel til å løse problemer og komme frem til ny kunnskap*» (Dalland, 2017 s. 51). Val av metode er difor avgjerande for korleis ein skal finna informasjon eller etterprøva informasjon. Ein skal velja den metoden som egner seg best til å belyse problemstillinga på ein best mogleg måte (Dalland, 2017 s. 51). Metode er reiskapen ein skal bruke for å undersøke noko. Det skal hjelpe å samle inn data. Data er informasjonen ein treng til undersøkinga. Samfunnsvitskapeleg forskning er forskning for å betre kunne forstå samfunnet me lever i. Innanfor denne forskinga skil ein mellom to ulike typar metodar, kvalitativ og kvantitativ metode (Dalland, 2017 s. 52).

Kvalitativ metode bør nyttast om ein ynskjer meiningar og opplevingar som ikkje lar seg talfesta eller måle (Dalland, 2017 s. 52). Dette er ein metode som er kjenneteikna ved blant anna at ein går i djupna. Det er fleksibelt, fordi intervjuobjekta ikkje er bundne av faste svaralternativ, og ein ynskjer å formidle ei forståing av problemet (Dalland, 2017 s. 53). Den vanlegaste måten å innhente data som er kvalitative er ved intervju eller observasjon (Dalland, 2017 s. 54). Ved val av data til ei kvalitativ undersøking står strategisk utval av data sentralt. Ein går ofte til grupper eller personar ein på førehand meiner veit noko om temaet (Dalland, 2017 s. 56).

Kvantitativ metode bør nyttast om ein ynskjer data i form av målbare einingar. Tala gjer det blant anna mogleg å gjennomføra rekneoperasjonar (Dalland, 2017 s. 52). Det er ein metode som blant anna er kjenneteikna ved at den går i breidda. Det er systematisk, fordi ein må halde seg til gjevne svaralternativ, og ein ynskjer å formidle ei forklaring av problemet (Dalland, 2017 s. 53). Den vanlegaste måten å innhenta kvantitative data er ved spørjeskjema med faste svaralternativ, som enten kan skje via e-post eller gjennom telefonintervju (Jacobsen, 2010 s. 26). Når ein vel data til ei kvantitativ undersøking står systematisk utval av data sentralt, som tyder at ein ikkje skal velja data på ein måte som påverkar resultatet (Dalland, 2017 s. 56).

3.2 Metodeval

Målet med oppgåva er å undersøke kva som kjenneteiknar rettsmekling i skjønn. Vidare kva som er forskjellen på rettsmekling i rettsfastsetjande og skjønnssaker og korleis ein fordeler sakskostnadane. Eg ser det som føremålstenleg å nytta ein kombinasjon av kvalitativ og kvantitativ metode, fordi metodane set lys på ulike sider av problemstillinga på ein god måte. Når ein nyttar ulike metodar til å undersøke same problemstilling kallar ein det metodetriangulering. Om ulike metodar gjev same resultat gjev det sterke argument for at resultatet er gyldig (Jacobsen, 2010 s. 146). Om det ikkje får same resultat, men avvik frå kvarandre kan det føre til ei meir heilskapleg forklaring av den aktuelle problemstillinga. (Johannessen et al., 2011 s. 421). Eg ynskjer difor å nytte metodetriangulering for å få ei meir heilskapleg forståing av problemstillinga.

Det som er ei ulempe i ein type metode, er ofte ein fordel i ein annan metode. Kvantitativ metode gjev resultat som ein kan generalisere til heile populasjonar. Noko som gjer at den eksterne gyldigheita blir høg, men informasjonen blir relativt overflatisk. Styrken til kvalitativ metode er at det får fram relevante data og gjev god forståinga av det enkelte individ. Den interne gyldigheita er ofte stor. Ulempa er at den berre føreheldt seg til nokon få einingar. Så ein kan ikkje generalisere det (Jacobsen, 2010 s. 79).

Ved å bruke metodetriangulering skal det «*sikre både intern og ekstern gyldighet*» (Jacobsen, 2010 s. 79). Ein kombinasjon av fleire metodar vil i dei fleste tilfelle gje ei meir heilskapleg oversikt og djupare forståing enn om ein har ein metode (Jacobsen, 2010 s. 82).

I den kvantitative delen av oppgåva har eg gruppert data frå rettsforlika i ulike kategoriar i eit rekneark. Einingane er enten er i same kategori eller ikkje, dei peikar på ulikskapar og likskap (Jacobsen, 2010 s. 167).

I den kvalitative delen av oppgåva var intervju pre-strukturerte. Pre-strukturert intervju inneber at ein på førehand bestemmer kva element ein skal konsentrere seg spesielt om (Jacobsen, 2010 s. 91). Noko som vil seie at eg fylgde ein førehandslaga intervjuguide med tema som skulle takast opp, og intervjuobjektet svarte rundt temaet. Stod intervjuobjektet fast hadde eg underspørsmål som eg stilte for å til refleksjon.

3.3 Datainnsamlinga

Kort oppsummering av undersøkingsopplegget:

1. Innhenting av data frå jordskifterettane
2. Teori
3. Intervju
4. Transkribering
5. Gjennomgang av 31 rettsforlik
6. Kategorisering av rettsforlika
7. Analyse av data og intervju
8. Diskusjon av resultatet

Eg starta med å kontakte Domstoladministrasjonen (heretter DA) for å spørje om dei hadde oversikt over kven som hadde gjennomført rettsmekling i skjønn. Tilsett ved DA gjorde eit søk i saksbehandlingsystemet, i ein modul som viser kva rettsmøte/saksmøter som er beramma og eventuelt gjennomført i domstolen. Eg fekk tilsendt ei oversikt over kven som hadde gjennomført saker. Det blei presisert at det kunne vera svake punkt ved føringsregimet rundt desse opplysningane i saksbehandlingssystemet.

Sidan det kunne vera ufullstendig, og eg ynskte å få ei best mogleg oversikt sendte eg e-post til kvar enkelt av dei 34 jordskifterettane i Noreg. Der eg spurde om å få tilsendt skjønna dei har rettsmekla. Eg fekk tilsendt 31 saker. Dei 31 sakene er fordelt på 13 jordskifterettar og 16 rettsmeklarar. Eg fekk òg tilsendt nokre saker der dei hadde fått rettsforlik, utan at det var kalla inn til rettsmekling. Desse har eg ikkje tatt med i utvalet mitt.

Samtidig som eg fekk tilsendt sakene utarbeida eg ein intervjuguide. For å setje meg inn i kva eg burde spørje om starta eg og å skrive teorikapittelet.

Intervjuguiden innehaldt spørsmål til kvar av underproblemstillingane. Det blei og laga til spørsmål eg kunne spørje om intervjuobjektet stod fast.

Val av utvalet er gjort strategisk. Eg har valt å snakke med alle som har rettsmekla skjønn i jordskifteretten. Dette utelèt dei som har rettsmekla i rettsfastsetjande i jordskifteretten, og dei som har rettsmekla skjønn i tingretten.

Eg starta med å gjennomføra eit testintervju. Etter gjennomført testintervju gjorde eg naudsynte endringar, før testintervju nummer to. Testintervjua blei gjennomført på to av rettsmeklarane som i utgangspunktet var med i utvalet, men som eg kjende frå mi tid i sommarjobb i jordskifteretten. Eg valde å gjennomføra testintervju på personane eg kjende for å unngå å ha med data i oppgåva av folk eg kjenner. Noko som kunne ha påverka svara og såleis oppgåva.

Eg valte å ta lydopptak av intervjua eg gjennomførte. Dette for å kunne fylja betre med på kva intervjuobjekta fortalte, og kunne koma med oppfylgningsspørsmål og få med meg alt intervjuobjektet sa.

Etter testintervjua, gjennomførte eg intervju med dei som hadde rettsmekla skjønn i Sør-Rogaland jordskifterett, Aust-Agder jordskifterett, Marnar jordskifterett, Nedre Telemark jordskifterett, Haugalandet og Sunnhordaland jordskifterett og Nord- og Midhordaland jordskifterett. Før eg gjennomførte intervjua leste eg igjennom saka eller sakene meklaren hadde gjennomført. Eg har intervjua både kvinnelege og mannlege rettsmeklarar. For å anonymisere har eg valt å skrive han om dei kvinnelege og mannlege rettsmeklarane gjennom oppgåva.

Etter å ha gjennomført desse intervjua starta eg jobben med å transkribere intervjua.

Transkribering var tidkrevjande. Eg valte difor å vente noko med å fortsetje å intervju til eg hadde kontroll på dei eg hadde intervjua. Då eg hadde avtalt intervju med meklarane i Nedre Buskerud jordskifterett og Akershus og Oslo jordskifterett kom det reiserestriksjonar grunna Covid-19, så dei resterande intervjua blei difor gjennomført som telefonintervju. Meklar i Nedre Buskerud jordskifterett og Akershus og Oslo jordskifterett hadde og gjennomført rettsmeklingar for Østfold jordskifterett og Sunnmøre jordskifterett. I tillegg gjennomførte eg telefonintervju med meklar frå Sør-Trøndelag jordskifterett, Romsdal jordskifterett og Ofoten og Sør-Troms jordskifterett.

Det å gjennomføra intervju på telefon var noko meir utfordrande enn andlet til andlet. Det er ikkje like enkelt å høyre at personen tenkjer, som å sjå at personen tenkjer. Det var difor vanskeleg å vita om personen venta på at du skulle stille neste spørsmål, eller om intervjuobjektet tenkte. Det var òg meir utfordrande å transkribere intervju gjennomført ved telefonintervju, for lyden på desse intervjua var dårlegare enn ved intervju gjort i same rom.

Det lengste intervjuet varte i 1t og 45 minutt, medan det kortaste varte i 15 minutt.

Gjennomsnittslengda på dei 14 intervjuva var på 50 minutt, noko som tilsvarar eit samledokument med transkriberte notat på 120 sider. Eg har valt å bruke nemningane meklar 1 til meklar 14 for å skilja rettsmeklarane.

Etter intervjuva var ferdig transkriberte starta eg med matriseføring av rettsforlika. Matrisa er laga i Excel, der kva kolonne inneheld informasjon om kvar einskild sak. Dette er definerte variablar, og står innanfor ulike kategoriar (Resultat/medhjelpar, år, talet partar, kostnadar, innhald i rettsforlik). Observasjonseiningane står oppført som rader i reknearket, der kvart saksnummer har fått tildelt kvar si rad bortover. Under registreringa av saka vart observasjonane registrert under tilhøyrande kategori. Etter at eg hadde ferdigregistrert informasjonen fjerna eg offentleg og personleg informasjon i matrisa som saksnummer og kva jordskifterett som hadde gjennomført kva sak som følgje av anonymitet.

Variablar som er med i matrisa er:

- I. Resultat/medhjelpar
 - Resultat
 - Medhjelpar
- II. År
 - Året saka blei rekvirert
 - Året saka blei gjennomført
- III. Talet Partar
 - Talet eigedomar rekvirert
 - Talet eigedom saksøkt
 - Talet eigedomar totalt
- IV. Juridisk bistand
 - Advokat
- V. Kostnadar
 - Sakskostnader

- Kostnad til juridisk bistand
 - Kva tar dei i rettsgebyr
- VI. Innhald i forliket
- Kva handla saka om
 - Tinglysing
 - Merking
 - Kart
 - Vedtekter
 - Særmøter

Etter fullført registrering av rettsforlika, blei det tald opp observasjonar under kvar kategori, og ut i frå dette blei det laga diagram. Diagramma er framstilt i kapittel fire.

Etter ha utforma diagram av observasjonane i matrisa. Starta eg å sjå på kva dei 14 intervjuobjekta hadde svart. Eg gjekk gjennom alle intervjua og trekte ut det dei hadde sagt om kvart tema. Eg fann dermed det som var likt og ulikt av det dei hadde sagt, dette går òg fram av kapittel fire.

Så gjennomførte eg ein samanlikningsanalyse mellom matrisa og intervjua. Ved å samanlikne matrisa og intervjua fekk eg svar på om det var samsvar mellom data eg fekk frå intervjuobjekta og det eg kunne henta ut frå matrisa. Resultatet av samanlikninga kjem eg tilbake til i kapittel 3.5.

3.4 Kritiske vurderingar av undersøkinga

3.4.1 Ulike metodar

Ei problemstilling kan alltid angripast med ulike metodar, noko som gjer at ein må ta eit val for kva metode ein syns passar best. Vurderinga må vera basert på kva ein ser som den ideelle framgangsmåten, og kva som går an å gjennomføra. Når ein ser på kva som er mogleg å gjennomføra må ein både sjå på kva som er økonomisk og tidsmessig realistisk (Dalland, 2017 s. 54).

Uansett kva metode ein brukar er det mogleg at resultatet ein kjem fram til er skapt av undersøkinga. Det kan vera måten undersøkinga er lagt opp på som skapar resultatet. Dette kan

koma av at ein blir påverka av rolla det er forventet ein har, sjølv om ein prøver å ikkje bli påverka (Jacobsen, 2010 s. 19). Data eg har samla inn må tilfredsstillast to krav. Den må vera gyldig og relevant, og påliteleg og truverdig (Jacobsen, 2010 s. 20). Gjer ein feil i ein del av undersøkinga påverkar det heile gyldigheita og pålitelegheita til heile undersøkinga (Jacobsen, 2010 s. 27).

3.4.2 Gyldigheit

Gyldigheit kan delast i intern og ekstern (Jacobsen, 2010 s. 20). Den interne gyldigheita og relevans er om me måler det me trur me måler. Ekstern gyldigheit er om resultatet frå eit avgrensa område er gyldig og i andre samanhengar. Skal overføring vera mogleg må det ein studerer vera representativt for den samanhengen ein skal overføre det til (Jacobsen, 2010 s. 21).

Alle val ein gjer får konsekvens for gyldigheita og truverdigheita (Jacobsen, 2010 s. 24). Val av metode påverka gyldigheita, ein bør difor spørje seg; «*Er det undersøkelsesdesignet vi velger, egnet til å belyse den problemstillingen vi ønsker å undersøke?*» (Jacobsen, 2010 s. 53).

Eg har valt to måtar å belyse problemstillinga på. Ved å sjå korleis dei har gjennomført rettsforlika i skjønn framstilt i diagram og gjennom intervju av rettsmeklarar som viser deira forståing av rettsmekling i skjønn. Sidan dei har gjennomført rettsmekling i skjønn sit dei på kunnskapen.

Ved å bruke metodetriangulering skal det «*Sikre både intern og ekstern gyldigheit*» (Jacobsen, 2010 s. 79). Eg har brukt både kvantitativ og kvalitativ metode, difor skal den interne og eksterne gyldigheita vera sikra. Den interne gyldigheita er stor sidan eg har kontakta alle jordskifterettane i Noreg, og eg har med alle saker frå heile tidsperioden det har vore mogeleg å gjennomføra rettsmekling i skjønnsaker. Eg har òg intervjuet alle som har gjennomført rettsmekling i skjønn. Noko som gjer at eg og meiner oppgåva er representativ. Det kan og tyde på at den eksterne gyldigheita er gyldig i andre samanhengar.

Sidan det ikkje er mange år sidan jordskifteretten fekk kompetanse til å gjennomføra rettsmekling i skjønn, vil eg tru det vil fortsette å auke. Eg vil og tru at måten dei gjennomfører rettsmekling i skjønn vil bli tilnærma lik i alle jordskifterettane. Etter samtale med meklarane ser eg at kva dei seier no, og kva dei gjorde i rettsmeklinga, i nokre tilfelle har vore avvikande.

3.4.3 Pålitelegheit

Pålitelegheit er om ein kan stole på arbeidet. Arbeidet må vera gjennomført på ein måte som er truverdig og vekker tillit. Det må ikkje vera openberre målefeil, som gjer resultatet feil (Jacobsen, 2010 s. 21).

Kva metode ein har valt påverkar pålitelegheita, og ein skal spørje seg ; «*Hvordan kan det undersøkelsesdesignet vi har valgt, påvirke de resultatene vi vil komme fram til?*»(Jacobsen, 2010 s. 53)

Eg har valt både kvalitativ og kvantitativ metode, ved at eg gjennomførte intervju med dei som har gjennomført rettsmeklinga, og laga ei matrise der eg har henta data frå rettsforlika. På denne måten kan eg lage statistikk for korleis sakene faktisk er gjennomført. Ved å gjennomføra begge deler får ein fram kva meklar meiner og korleis alle meklarane har gjort det. Dette set eg så opp mot teori skrive i teorikapittelet.

Eg meiner oppgåva er gjennomført på ein truverdig måte som ikkje er hefta med feil som påverkar resultatet negativt. Samsvaret mellom intervjuobjekta og resultatata frå analyse av rettsforlik gjev uttrykk om at oppgåva har god pålitelegheit. Eg meiner at resultatata kan etterprøvast.

3.4.4 Utval av einingar

Datamaterialet som er kategorisert i ei matrise (vedlegg 1) er arkiverte rettsmeklingsprotokollar frå jordskifteretten sitt digitale arkiv, Lovisa. Jordskifteretten som har sendt meg sakene er primærkjeldene, noko som gjev ei form for kvalitetssikring for datamaterialet. Jordskifterettane har god kunnskap i kva som er rettsmeklinga skjønn, og det er ingen grunn til å tru at materialet er usant sidan det er konkrete avgjersler eg har med å gjera.

Alle jordskifterettane har gitt tilbakemelding om at dei enten ikkje har saker, eller sendt meg dei sakene dei har. Eit svakt punkt med oppgåva er at eg sendte førespurnad etter skjønn som er rettsmekla. Det kan ha gjort at eg ikkje har fått tilsendt saker som er kombinerte saker, der delar av saka er gjennomført som skjønn. Eit anna svakt punkt er korleis sakene blir registrert i saksbehandlingssystemet Lovisa. Det er fleire som har gjort meg merksam på at det ikkje er like

enkelt å finna saker som dei ikkje fekk rettsforlik i. Det kan difor hende eg ikkje har fått med alle sakene i utvalet mitt.

Eg har plukka ut intervjuobjekta strategisk, eg har valt ut i frå kven som har gjennomført rettsmekling i skjønnsaker. Eg har intervjuar alle som har gjennomført rettsmekling i skjønn. Unnataket er om det er saker eg ikkje har fått inn på grunn av sakssystemet.

Eg har intervjuar rettsmeklarar i Nord- og Midhordaland jordskifterett, Sør-Rogaland jordskifterett, Marnar jordskifterett, Aust Agder jordskifterett, Nedre Telemark jordskifterett, Haugaland og Sunnhordaland jordskifterett, Sør Trøndelag jordskifterett, Nedre Buskerud jordskifterett, Oslo og Akershus jordskifterett, Ofoten og Sør-Troms jordskifterett og Romsdal jordskifterett. Det var og saker frå Sunnmøre jordskifterett og Østfold jordskifterett. Desse sakene var rettsmekla av rettsmeklar frå Nedre Buskerud jordskifterett og Oslo og Akershus jordskifterett. Eg valte å intervjuar så mange for å få det representativt.

Eg intervjuar dei fleste ved å møte dei, noko eg valte å gjere for å få eit best mogleg intervju. Nokre av intervjuar er gjennomførte på telefon, som kan gjere det vanskeleg å vita om intervjuobjektet tenker eller om dei venter på at eg skal stille neste spørsmål, noko som kan ha gjort at dei ikkje har sagt alt dei kunne sagt. Dette kan vera eit problem ved intervju andlet til andlet og, men eg meiner det er eit større problem ved telefonintervju, fordi ved andlet til andlet kan ein i nokre tilfelle sjå at nokon tenkjer.

Eg har transkribert alle intervjuar. Intervjuar gjennomført på telefon har vore spesielt vanskeleg å transkribere, for lydqualiteten blei av og til litt varierende, som gjorde at det var vanskeleg å høyre kva intervjuobjekta sa på lydopptaket. Feil kan difor ha oppstått ved transkribering av lydopptaket.

Feil kan òg oppstå ved at intervjuobjekta hugsar feil eller tolkar mine spørsmål feil. Eg kan og tolke svara til intervjuobjekta feil.

3.4.5 Kategorisering

Ved analyse av rettsforlika, og registrering i matrisa (vedlegg 1) såg eg at det var skilnad på kva meklaren har skriva i rettsmelingsprotokollen. Difor er det i mange tilfelle tatt med «*ikkje nemnt*» som eit alternativ eg kunne bruke. Ei potensial feilkjelde i matrisa kan vera

registreringsfeil, sidan det ved innføring av fleire variablar kan førekoma feilkoding og feilregistrering. For å unngå grove feil, skreiv eg den ferdig utfylte matrisa ut for å sjå om nokre rader var gløymd. Det var ikkje tilfelle.

Under transkribering av intervjuja gjorde eg meg nokon formeiningar om kva som burde vera med i matrisa. Blant anna har fleire av intervjuobjekta nemnt at saker som høver å bli mekla, er saker som ikkje har mange partar. Difor tenkte eg at dette måtte eg ha med i registrering av matriser.

Ei utfordring ved registrering i matrisa var at fleire personar eig fleire bruksnummer, det blei difor ikkje riktig framstilt om eg sa tal bruksnummer som var rekvirent, når det eigentleg var same eigar. Eg valte difor å skrive eigeidom, som betyr at ein eigeidom kan bestå av fleire bruksnummer og fleire eigarar.

3.5 Vurdering av funn og resultat

Funn i kapittel fire og analyse og drøfting i kapittel fem er ein komprimert versjon av alle data. Dette fordi eg på førehand har plukka ut kva data som skal presenterast, det er ei av dei svake punkta med kvantitativ metode.

Datamaterialet blir bygd på rettsforliket. Data frå desse vil sjåast på som pålitelege sidan det er reelle avgjersler, medan undersøkingsmetoden kan ha vore med på å forma resultatet. Ved til dømes feilføring enten ved føring inn i matrisa, eller ved feilføring ved utforming av diagramma.

I den kvalitative delen av oppgåva, kan eg under samanlikninga av intervjuja ha oversett poeng, og resultatet kan bli påverka av min metode for uthenting av materiale. Dei fleste intervjuobjekta har berre rettsmekla ei skjønnsak, noko som gjer at dei har lite erfaring. Intervjuja kan vera farga av intervjuobjektet sine egne meiningar. Eg meiner det er positivt at ein får meiningane til intervjuobjekta. Dette kan føre til eit djupare og breiare perspektiv på temaet, sjølv om det gjer det mogleg for intervjuobjektet å påverka resultatet.

3.6 Etiske avvegingar og personvern

Forskingsetikk handlar om å ivareta personvern og sikre at dei som deltar i forskinga ikkje blir påført unødvendig belastning. Innsamling av data skal ikkje gå på kostnad av andre personar sin integritet (Dalland, 2017 s. 236).

I denne oppgåva inngår det personopplysningar i datagrunnlaget. Dette er opplysningar som; namn, e-post og anna informasjon som kan knytast til enkeltpersonar. Personopplysningar er ikkje del av forskingsspørsmålet i oppgåva, men av omsyn til informasjonen som blir behandla skal det foretast etiske vurderingar. Prosjektet er sendt inn til Norsk senter for forskingsdata (NSD), og godkjent (vedlegg 3 og 4).

Ved innsamling av data har eg fått tilsendt data frå jordskifteretten som er offentleg tilgjengeleg. Då rettsforlik i utgangspunktet er offentlege dokument jf. tvistelova §14-2 fyrste ledd. Eg har ikkje tatt med personopplysningar om kven sakene handlar om, og eg har ikkje namngjeve dei som har rettsmekla. Det er berre nemnt kva jordskifterett det er gjennomført saker ved. Personane som sakene er mellom er difor ikkje varsla. Dette såg eg på som unødvendig når dei likevel skulle anonymiserast. Vidare vurderte eg det som overdrive resurskrevjande å skaffe stadfesting frå 175 partar på ulike plassar i landet. Eg har gått gjennom sakene og sladda personidentifiserande opplysingar ved mottaking av saksdokumenta.

Intervjuobjekta har fått eit informasjonsskriv som dei har skrive under på at dei gjev løyve til å bli intervjuet og at intervjuet vert teke opp. Intervjuobjekta har kompetanse til sjølv å bestemme om han eller ho ville delta i undersøkinga. Dei veit om føremålet, og alle viste stor vilje til å ville delta i undersøkinga. Lydopptak blir sletta etter at oppgåva er levert inn. Intervjuobjekta er anonymisert med omsyn til personvern.

4 FUNN

4.1 Innleiing

I dette kapitlet skal eg presentera funna eg har gjort ved hjelp av data frå rettsforlik og intervju. Fyrst vil eg presentera det eg har henta ut frå data frå rettsforlik ved hjelp av diagram. Så vil eg gå gjennom det intervjuobjekta har sagt om temaet.

4.2 Funn frå rettsforlik




Diagram 1 viser resultatet av rettsmeklinga i skjønnssaker.

Diagram 1 framstiller resultatet av alle dei 31 sakene. Det er 24 saker som har rettsforlik, seks saker der det ikkje er forlik, og ei sak dei kom fram til ein utanomrettsleg avtale. Noko som vil seie at 77 % av sakene ender med forlik.




Diagram 2 viser kor mange saker som har bruk medhjelpar, teknisk utredar og ingen medhjelpar.

Av dei 31 sakene er det ni saker der det i tillegg til meklar er med medhjelpar. Medhjelparane som har vore med har ulik kompetanse. Det har vore jordskiftedommarar, praktikant ved jordskifteretten eller sakshandsamaren som har fungert som medhjelpar. Det er 13 saker der det er med teknisk utreiar og det er ni saker der det ikkje er nokon annan enn meklaren med på rettsmekling.




Diagram 3 viser kor mange eigedomar kvar sak hadde.

Diagram 3 viser kor mange eigedomar som er med i sakene. Blå kolonne viser kor mange eigedomar som rekvirerer sak. Grå kolonne viser dei som er saksøkt. Ein får eit innblikk i kor mange av sakene som hadde fleire eigedomar med i saka. I dei fleste sakene er det ein eigedom på rekvirentsida, og ein eigedom på saksøktesida. Legg merke til at det i diagrammet går frå sju til tretten eigedomar. Rekvirent er den som krev saka. Saksøkt er den eller dei som blir med i saka fordi rekvirenten har kravd saka.



Diagram 4 viser året sakene blei rekvirert.

Diagram 4 viser når skjønssakene blei rekvirert. I 2018 var det tolv saker som blei rekvirert og i 2019 var det ti saker.



Diagram 5 viser året sakene blei rettsmekla.

Diagram 5 viser var at flest saker er rettsmekla i 2019. Då eg etterspurde saker som var rettsmekla i skjønn i januar var det allereie gjennomført ei sak i 2020. Tala i diagrammet er ut i frå alle dei 31 sakene, som tilsvara både sakene som har avslutta med rettsforlik, og dei som ikkje har rettsforlik.

Ved å sjå på rettsforlika og samanlikne diagram 4 og 5 ser ein at 14 av sakene blei rettsmekla det året saka kom inn. 15 saker blei rettsmekla i løpet av året etter det blei rekvirert. To saker blei rettsmekla to år etter saka blei rekvirert.



Diagram 6 viser kor mange saker som hadde advokat.

Av alle dei 31 sakene var det flest saker der det var to advokatar til stades. Det viser at det i dei fleste sakene blir nytta advokat. Det er berre fem saker der det ikkje er nytta advokat. Det er naturleg at det er flest saker der det er to advokatar sidan det i diagram 3 går fram det er flest saker det er to eigedomar som er med i sakene. Om det ikkje blir rettsforlik, og saka held fram får saksøkte dekka nødvendige utgifter til advokat. Då må dei som har same interesser nytte same advokat. Dette gjer det òg naturleg at det er ein advokat på kvar side.




Diagram 7 viser kva saka omhandla.

Av alle dei 31 sakene er det hovudvekt av saker som omhandlar veg, då det er 18 slike saker. Etter det kjem sakene som handlar om gjerde.




Diagram 8 viser talet saker det er ein frist for gjennomføring.

Av dei 24 sakene var det 17 rettsforlik som hadde frist for å gjennomføra eit eller alle tiltaka i forliket. Gjennomføringsfrist er skrive slik i eit rettsforlik: «Den nedre del av vegen skal

oppgraderes så snart som praktisk mulig og innen 1 juli 2020.», og slik: «Gjerde skal være etablert innen 01.06.2020».




Diagram 9 viser om saka hevast som forlik med orskurd.

Av dei 24 rettsforlika er det 14 saker der det står i rettsforliket at saka «hevast som forlikt». Dei resterande ti sakene står det ikkje nemnt i rettsforliket at saka er heva.




Diagram 10 framstiller kva saker som blei tinglyst.

Av dei 25 sakene er det 13 rettsforlik som er tinglyst, sju der det ikkje er tinglyst og fem saker der partane sjølv skal tinglyse.




Diagram 11 viser kor mange av rettsforlika som hadde med kart.

Av dei 24 sakene som har fått rettsforlik er det sju av forlika som har med kart. Det er mest vanleg å ikkje ha med kart, då det utgjer 17 saker.




Diagram 12 framstiller kor mange som gjennomførte merking i rettsforlika.

Diagram 12 viser at det er ei av rettsforlika som har med merking i forliket. Dei resterande sakene hadde ikkje merking.



Diagram 13 viser at ei sak hadde med vedtekter i forliket.

Det er ei av sakene som har med vedtekter som vedlegg til forliket. Vedtektene er til eit veglag. Diagrammet vise at dei resterande 23 sakene ikkje hadde vedtekter med i forlika.




Diagram 14 framstiller kor ofte det er nemnt i rettsprotokollen om det er brukt særmøte.

Det er sjeldan det blir nemnt i protokollen om ein bruker sær møter eller ikkje under forhandlingane. Det er berre ei av sakene der det er nemnt.




Diagram 15 framstiller fordeling av sakskostnadane

I sakene det ikkje blei rettsforlik i, er det ikkje fordelt kostnadar. I desse sakene fylgjer kostnadane saka vidare. Fordelinga her gjeld dei 24 sakene det blei rettsforlik i. Det er flest saker kostnadene blir delt likt mellom partane, men det er nesten like mange saker der rekvirent har betalt sakskostnadane.




Diagram 16 viser fordeling av kostnad til andre egne kostndar.

Diagram 16 viser korleis kostnadane til andre egne kostndar blei fordelt i dei 24 sakene det blei rettsforlik. Ved andre egne kostndar inngår kostndar til juridisk bistand. Det vanlege er at partane dekkjer andre egne kostndar sjølv.




Diagram 17 viser kor mange rettsgebyr dei måtte betale i kvar sak.

Diagram 17 er laga ut i frå dei 24 sakene det blei rettsforlik og den eine saka det blei utanomrettsleg avtale. Det var ti av sakene der det var to rettsgebyr, og i 15 av sakene var det fem rettsgebyr.

4.3 Funn frå intervju

4.3.1 14 rettsmeklarar

I denne delen av kapittelet skal eg ta for meg kva dei 14 ulike rettsmeklarane meiner om rettsmekling i skjønn. Eg har gått gjennom det eg har transkribert og trekt ut det viktigaste.

4.3.2 Fordelar og ulemper med rettsmekling

Alle rettsmeklarane trekker fram at det er ein fordel at det ved rettsmekling er partane sjølv som bestemmer kva avtalen skal gå ut på. Det er ikkje «*ein dom dei får trekt ned over hovudet*». Det er ingen vinnar eller tapar. Fleire av meklarane seier dette er viktig sidan partane er naboar. Fire av dei 14 meklarane meiner det kan gjere naboforholdet betre med rettsmekling, og at dei blir raskare gjennomført. Ved raskare gjennomføring kan ein unngå at advokatkostnadane tar av, og saka blir rimelegare. Det blir og rimelegare fordi sakskostnadane blir lågare. To meklarar påpeikar at ein av fordelane er at det krev mindre ressursar for domstolen. Ein fordel for samfunnet at det blir løyst fortare og rimelegare. Meklar 2, 7 og 9 meiner ein av fordelane er at ein kan dra inn andre ting i potten, som ikkje har noko med saka å gjere. Meklar 14 meiner dette er ein av ulempene, ut ifrå kravet ser det ut som ei sak som egner seg til mekling, men når ein sit å meklar viser det seg at konflikten eigentleg omhandlar andre underliggande rettsforhold.

Dei fleste meklarane nemner at det ikkje er nokre ulemper med rettsmekling. Det som kan vera ei ulempe, er at ikkje alle saker passar å rettsmekle. Det er og nemnt av fleire at det kan vera ei ulempe om saka ikkje fører fram. Då er det nokon som vil påstå det er heldt eit unødvendig møte. Men det kan òg vera ein fordel å ha rettsmekling sjølv om det ikkje fører fram, for då er saka betre opplyst for den vidare behandlinga.

Meklar 7 nemner at ein kan risikere at parten føler seg tvungen inn i eit forlik. Medan meklar 10 meiner det ikkje er ein risiko om det er gjennomført på riktig måte. Om det ikkje er gjennomført på riktig måte, kan ulikt styrkeforhold mellom partane, og at det er «*myndigheitsmenneske*» som er meklar, føre til at ein føler press til å inngår forlik ein ikkje ynskjer.

4.3.3 Vurderingar ein gjer i forhold til val av rettsmeklings saker

Ingeniørane som opptrer som meklar seier det er dommaren som gjennomfører vurderinga av om saka er mogleg å mekle.

Dei fleste av intervjuobjekta seier vurderinga dei gjer er korvidt det er heimel til å gjennomføra rettsmekling, ved at det er rettsfastsetjande eller skjønns sak. Dei seier vidare at dei snakka med partane eller advokat i saka, for å finna ut om rettsmekling er noko dei ynskjer. Det blir òg nemnt at det ikkje bør vera så mange partar, det vil seie at partskonsentrasjonen er oversiktleg, der det ikkje er for mange grupperingar. Meklar 10 presiserer at det ikkje er ei avgrensing når det gjeld tal partar, men at det gjer saka handterbar om det ikkje er for mange partar. Fleire nemner at det må vera forhandlingsrom. Meklar 13 seier «*Forhandlingsrom handlar om at det er overlappende interesser eller nok i potten at begge sider kan få nok ut av det.*» Ved å ha forhandlingsrom kan ein skapa ein vinn-vinn situasjon. I tillegg til det som står ovanfor nemner meklar 13 at saka ikkje må vera for stor geografisk eller vera for komplisert.

Fleirtalet av meklarane seier det ikkje er noko forskjell i vurderinga om det er rettsfastsetjande eller om det er skjønn. Medan meklar 7 meiner skjønns saker kan egne seg veldig godt for mekling, fordi det i slike saker ofte meklast om pengebeløp.

4.3.4 Forskjellar og likskapar på rettsmekling i rettsfastsetjande saker og i skjønn

Alle intervjuobjekta meiner at likskapen mellom rettsmekling i rettsfastsetjande og skjønn er at det er ein lik prosess med same rammer og problemstilling. Meklar 10 seier «*Det handlar om problemstillinga knytt til bruk og utnytting av fast eigedom.*» Fleire av dei nemner òg at løysinga i stor grad blir den same.

Sidan det er mange likskapar mellom rettsmekling i skjønn og rettsmekling i rettsfastsetjande, meiner meklarane det ikkje er noko særleg forskjell på gjennomføringa av sjølve rettsmeklinga. Meklar 10 nemner at det er forskjell i kva lover ein må forhalda seg til; ved skjønn er det vist frå skjønnsprosesslova til tvistelova, og ved rettsfastsetjande er det jordskiftelova.

Meklar 1 meiner det ofte er fleire faktorar ein kan forhandle om i skjønn. Meklar 8 meiner òg at det «*kanskje er meir å gå på i skjønns saker, samtidig som ein fortare kan gå på pengesporet i desse sakene*». Meklar 11 meiner skjønns saker er meir samansett. Eit av intervjuobjekta seier at

det i skjønn ofte finst ein pengeerstatning, og det ofte er større vilje til å prøve å bruke pengane på oppgjer i staden for på prosessen. Ein omtaler då prosessen som kostnadane til advokat.

Meklar 12 nemner forskjell i gebyr. Meklar 11 og 13 seier det er forskjell i prosessrisiko. Saksøkt i skjønn har ikkje same risiko for å bli sittande med sakskostnadane som ved rettsfastsetjande.

Det blir og nemnt at det er dommar som må mekle i skjønn. Ynskjer ein å nytte ingeniør som meklar i skjønn må ingeniøren vera registrert i register for eksterne meklarar. Ved rettsfastsetjande, kan ingeniør mekle.

Meklar 13 meiner forskjellen med rettsmekling i rettsendrande og skjønn er at skjønn skal hevast med orskurd, og rettsendrande rettsmekling skal avsluttast med jordskifteavgjersle.

4.3.5 Gjennomføring av mekling

Korleis ein legg opp meklinga

Det blir nemnt av dei fleste meklarane at det varierer frå gong til gong korleis dei legg opp meklinga, men det varierer ikkje ut i frå kva sakstype det er. Meklar 13 seier ein må gjennom informasjonsinnhentingfase, forhandlingsfase og slutfase medan dei prøver å løyse det ut i frå partane sine interesser og behov. Nokre av meklarane legg òg vekt på relasjonen mellom partane, eller meiner resultatet fører til betre relasjon.

For å finna ut om det er interesse for rettsmekling seier meklarane at dei startar med å ringe eller sende informasjon til partane for å høyre om det er aktuelt med rettsmekling.

Fleire nemner at førebuing er viktig. Meklar 13 meiner det er den viktigaste delen. Han førebur seg ved å lese seg opp på saka, sjå på lovverk, tidlegare saker og lager ein mal for korleis rettsforliket kan løysast samt eit utkast for plan for dagen.

Meklar 6 nemner at han aldri meklar aleine. Han har alltid med seg ein medhjelpar. Meklaren meiner det er lurt for at partane ikkje skal sitje aleine om dei tar ein pause.

Fleire seier at kaffi eller noko å drikke og ete på er gode måtar å skape god atmosfære, og difor viktig å ha tilgjengeleg ved rettsmekling.

Dei fleste startar meklinga inne. Her har dei ei innleiing kor dei informerer om blant anna kva som er mogleg ved å gjennomføring av rettsmekling, informerer om teieplikt, at det er mogleg å bruke sær møte samt at meklaren fortel det dei veit om saka. Etter innleiinga pleier dei fleste av meklarane å gje ordet til rekvirent slik at han får lagt fram si side av saka. Deretter får saksøkte lagt fram si side av saka. Etter dette prøver ein å få partane til å snakke ilag. Som ein del av informasjonsinnhentingfasen pleier dei fleste å reise ut på synfaring. Det blir òg nemnt at dei i nokre meklingar har starta med synfaring, eller ikkje gjennomfører synfaring. Medan andre meiner synfaring er veldig viktig.

Etter synfaringa går dei vidare til å sjå på løysingsforslag for vidare å skrive ein avtale. Det er nemnt fleire måtar å gjere det på. Enten ved at advokatane skriv utkast, meklar skriv utkast for å så gå gjennom ilag med partane, utkastet kan skrivast i fellesskap, eller så gjer partane det sjølv. Meklar 10 har starta med å tilby dei tid til å tenkje over avtalen før dei skriv under, og at dei difor kan ha nytt møte om nokre veker. Mekling tar tid, og meklar 2 nemner at ein må vera litt uthaldande. Meklar 8 nemner at det er viktig at partane får den tida dei trenger.

For å få partane til å kommunisere blir det nemnt ulike framgangsmåtar. Fleirtalet seier at oppsummering er ein veldig godt egna teknikk. Andre nemner pausar der dei får tenkt seg om, ringe ein ven, spørje «*Kva er det viktigaste for deg?*», «*Kva er det du tenkjer*» og «*Kvifor*». Ein av meklarane nemner at han prøver å vera folkeleg. Det blir òg sagt det ikkje er lett å lage ei dreiebok, fordi alle partar er ulike.

Sær møte

Det er varierende kor mykje meklarane nyttar seg av sær møter. Ein av intervjuobjekta har ikkje nytta sær møte enno, og ein annan har berre nytta sær møte under synfaringa. Fleire av meklarane seier dei bruker sær møte når partane ynskjer det. Gjerne om partane går i vranglås, har informasjon dei ynskjer å dele med meklar eller den eine blir overkøyrd. Andre meklarar bruker sær møte på slutten, gjerne når det er pengesum som skal diskuterast.

Om det er meir behov for å bruke sær møte i rettsfastsetjande enn skjønn eller motsett, meinte fleire at det var vanskeleg å meine noko om då dei ikkje hadde gjennomført nok rettsmeklinga i

skjønnt til å uttale seg om dette. Meklarane meiner difor det ikkje er noko forskjell i bruken. Meklar 10 forklarar det med at «*Problemstillingane er like og metodebruken lik*».

Nokre av meklarane nemner at det ved høgt konfliktnivå, eller ved diskusjon om pengar der dei ikkje vil røpe kor mykje dei er villig til å gje, egner seg godt til særmøte. Sidan det egner seg godt å diskutere pengesummar under særmøte er det fleire som meiner det er større behov for særmøte i skjønnt enn rettsfastsetjande.

Delaktig og løysingsforslag

Sju av intervjuobjekta seier dei er veldig delaktige under meklinga. Der fleire av meklarane seier dei er veldig delaktig fram til eit visst punkt, og om dei ser partane har god dialog trekker seg tilbake. Tre av meklarane seier dei ser an partane om dei er delaktige eller tilbakehaldne.

Meklarane meiner ein må ha «*følarane ute for å sjå kva som er riktig å gjere*».

Dei fleste seier dei på eit vis føreslår løysingar. Meklarane kjem med løysingar om det stoppar opp mellom partane, ved å vise rommet for moglege løysingar eller om partane ber om det. Dei fleste meklarane nemner at dei ikkje ynskjer å gje løysingsforslag for tidleg fordi dei ynskjer partane skal koma med sine interesser før dei kjem med forslag. Nokon har gitt forslag for at partane skal kunne «*hakke*» på deira forslag framfor kvarandre sine.

Innhald i forliket og dimensjonar

Når intervjuobjekta skulle skildre den siste saka dei hadde rettsmekla var det fleire som nemnde at advokat bidrog godt for å finna løysingar for sin klient, og advokaten bidrog til at det blei rettsforlik i sakene.

Det blei nemnt at grunnen til at dei fekk rettsforlik var at partane ynskja å bli ferdig med saka, og at dei fekk hjelp til å snakke ilag. Andre inngjekk rettsforlik fordi dei blei gjort oppmerksom på at om dei ikkje inngjekk forlik kunne det bli ein lang og kostbar prosess i forhold til summen dei forhandla om. Det er spesielt kostbart for rekvirent, som risikerer å sitte igjen med heile rekninga. Nokre gongar såg dei at alle sine interesser blei ivaretatt på ein passande måte.

Partane som møter for rettsmekling har ulike interesser. Meklar 13 nemner at rekvirent har eit praktisk problem han ynskjer å løyse, og at det mellom partane ofte er problem med

kommunikasjon, eller problem med tillit til den andre parten. Noko som gjer at ein ved gjennomføring av rettsmekling har meir tru på at motparten skal gjennomføra det dei har sagt dei skal, eller at dei ikkje trur dei blir lurt. Meklar 13 nemner vidare at partane ikkje er vane med å forhandle, noko som kan føre til at ein gjer urasjonelle ting.

Det blir òg nemnt at den mellommenneskelege biten er vesentleg ved mekling. Det er fleire av meklarane som seier at dei ynskjer å løyse tvisten for å kunne bruke arealet sitt, fordi dei ikkje får gjort det slik situasjonen er. Fleire er innstilt på rettsmekling for å unngå å bli «*fanga*» i ein langvarig prosess.

Krav til forliket

Dei fleste seier at det ikkje er forskjell på kva rettsforliket skal innehalde når det er gjennomført rettsmekling i skjønn og rettsfastsetjande saker.

Det blir sagt at forliket må innehalde det dei er einige om. Det kan til dømes vera etableringsfrist, at dei trekk kravet og at dei blir einige om kostnadsfordelinga. Det bør stå om dei er einige om fordelinga eller om dei er einige om at jordskifteretten skal fordele.

Det blir og nemnt at det det må stå at dei skjønner verknaden av eit rettsforlik. Rettsforliket må ha ein «*bakveg*» om det viser seg at det er noko som ikkje er mogleg å oppfylle. Det må stå kva eigedom det gjeld og kva kommune det dreier seg om. Forliket må vera underskriven av alle. Meklar 11 seier innhaldskravet står i tvistelova.

Kreativitet

Ved spørsmål om kor kreativ ein kan vera ved utforming av rettsforlik svarer meklarane forholdsvis, ganske, relativ og veldig kreativ. Dei seier òg at det må vera innafor rimelege grenser, det må handle om det partane har fri rådvelde over og ein kan nytte verkemidla jordskifteretten har.

Ein bør unngå det som treng offentleg godkjenning. Har ein med noko som må ha offentleg godkjenning må det ha «*to dører ut*». Det ein skriv må vera innanfor lova. Det som står i forliket må ha samanheng med kravet og må halde seg innanfor eigedomsfeltet. Meklar 13 seier ein må halde seg innanfor sakstypen ein starta med.

Det blir nemnt av nokre av intervjuobjekta at ein kan dele opp i avtale og rettsforlik for å kunne vera meir kreativ. Nokre meiner og det må tole dagens lys, og at ein må ha kontroll og kompetanse på det ein skriv forlik om.

Alle intervjuobjekta meiner det ikkje er noko forskjell på kor kreativ ein kan vera i rettsfastsetjande og i skjønn.

Etterarbeid

Dei fleste seier det er lite eller ingenting i etterarbeid. Fem av meklarane nemner at det eventuelt er merking, måling og markarbeid. Men tre av meklarane nemner at det ikkje skal merkast, målast eller gjerast markarbeid i skjønn.

Det blir nemnt at det som kan vera igjen etter rettsmeklinga, er fordeling av sakskostnadar og fakturering av kostnadane.

Alle er einige om at det må skrivast rettsforlik samt ein rettsmeklingsportokoll. Fleire nemner at ein må skrive hevingsorskurd, nokre nemner at det skal skrivast ei avsluttande avgjersle, og ein av meklarane meiner dommaren må skrive rettsbok.

Dei fleste av meklarane seier dei tinglyste rettsforliket og meiner det er like mogleg å tinglyse rettsforlik etter skjønn, som rettsfastsetjande rettsforlik. Nokre av dei som tinglyste rettsforliket meiner det eigentleg ikkje skal tinglysast, men har gjort det for å hjelpe partane, eller fordi det gjaldt noko med varig verdi. Ein av meklarane endra saka frå skjønn til jordskiftesak etter kapittel 3 for å få lov til å tinglyse. Meklar 13 seier at partane sjølv må tinglyse når det er skjønn, og skriv i rettsforliket kven som skal tinglyse saka. Det er eit fåtal som seier dei ikkje har tinglyst rettsforliket.

4.3.6 Kombinerte saker

Rettsmekle rettsfastsetjande i samband med skjønn

Fleire av intervjuobjekta hadde ikkje formeining om det var heimel til å gjennomføra rettsmekling av rettsfastsetjande når det er i samband med skjønn. Dei hadde ikkje vore borti det. Ein av meklarane har gjennomført ei slik sak, sjølv om meklaren meiner det ikkje er heimel til å

gjennomføra slike saker. Meklaren meinte det var uproblematisk, og hadde gjennomført ei slik sak igjen med rettsmekling om liknande sak hadde kome inn på ny.

Det var og nokre som meiner det er lov fordi ein både kan rettsmekle skjønn og rettsfastsetjande. Vidare meiner meklar 5 «*Du kan gjennom skjønnsloven få avklart om retten alt er til.*» Meklar 11 seier ein ved skjønn etter §53 i veglova kan finna ut om retten til veg alt er til.

Det blir og nemnt at det kunne vore aktuelt å gjennomføra rettsmekling av kombinert sak om det var eit ynskje frå partane.

Rettsmekle rettsendrande i samband med skjønn

Rettsmekling av rettsendrande i samband med skjønn meiner fleire av meklarane ikkje er lov. To av meklarane meiner ein kan rettsmekle skjønnsbiten av saka dersom det er ein kombinasjon av rettsendrande og skjønn.

Fleire meiner det burde vera mogleg å gjennomføra rettsmekling av rettsendrande i samband med skjønn. Meklar 7 meiner det må vera «*kurant*», fordi ein må kunne spele på alle strengane.

4.3.7 Sakskostnader

Skjønnskostnader

Ved fordeling av sakskostnader nemner dei fleste intervjuobjekta at det er vanleg å fordele kostnadane likt mellom partane. Dette ved at partane blir einige om det, og fordelinga står som eit punkt i rettsforliket. Fleire meklarar seier hovudregelen ved skjønn er at den som krev saka skal dekke kostnadane, men ved rettsmekling er det prinsipp om at kvar tar sine kostnader, og fordeling etter nytte. Meklar 5 meiner det kan signalisere at ein av dei kjem betre ut enn den andre om dei ikkje fordeler det likt. Medan meklar 3 nemner at fordelinga av kostnader kjem an på korleis forhandlinga har vore undervegs. Meklar 9 meiner ei sak som blir rettsmekla ofte gjer eit resultat som er heilt annleis enn det som er satt fram i kravet, fordi ein drar inn så mykje meir i meklinga. Difor er det logisk å fordele kostnadane på partane meiner meklar 9.

Det blir og nemnt av meklar 11: «*Tenker at det er grunn til å vurdere sakskostnadane litt ulikt i rettsforlik i rettsfastsetjande og skjønssaker*». Etter hovudregelen i skjønnsprosesslova er det meir mogleg at rekvirent ender opp med gebyra uansett.

Det er varierende kva intervjuobjekta meiner ein skal betale i rettsgebyr ved rettsmekling i skjønn. Nokre nemner fem gongar rettsgebyr og ekstra per skjønnsdag. Andre meiner det er rettsgebyrlova § 11 som må nyttast, og det difor ikkje er meir enn to rettsgebyr.

Kostnad til juridisk bistand

Ved fordeling av kostnader til juridisk bistand meiner nærast alle at dei ber eigne kostnadar til juridisk bistand. Dei seier dette kan ha samanheng med at forsikringa dekkjer mesteparten av denne utgifta.

Meklar 10 seier det kan hende dei krev meir i innpåkjøp for å bøte på utgifta dei får med advokat. Ein variant meklar 13 har brukt er å skrive i forliket at rekvirent betaler eigenandelen til forsikringa til den saksøkte.

Intervjuobjekta er einige i at partane som oftast blir samd om fordelinga av både gebyr og kostnader til juridisk bistand. Dersom partane ikkje blir einige om fordeling av kostnadane meiner meklar 13 ein meklar kan fordele kostnadane ved juridisk bistand, medan ein dommar må fordele kostnadane ved gebyra.

Det er ikkje mange av intervjuobjekta som har vore borti at dei har måtta fordele både gebyra og kostnadane til juridisk bistand. Eine meklaren gjorde dette ved nyttevurdering.

5 ANALYSE OG DRØFTING

5.1 Innleiing

Analysen og drøftingskapittelet inneheld samla tankar om funna som er presentert i figurane, det intervjuobjekta seier og teori. Fyrst vil eg sjå på forskjellen på rettsmekling i skjønn og rettsfastsetjande, og så vil eg sjå på sakskostnadar.

5.2 Forskjell på rettsmekling i skjønn og rettsfastsetjande

Som dei fleste meklarane nemner er prosessen til korleis ein legg opp rettsmeklinga ved rettsmekling i skjønn og rettsfastsetjande lik. Dette stemmer fordi skjønnsprosesslova viser til tvistelova sitt kapittel om rettsmekling, det same gjer jordskiftelova.

Advokat blir nemnt av fleire av meklarane som ein god sparringspartnar for partane, og at dei som oftast er til god nytte. Det går fram av diagram 6 (talet advokat i sak) at det berre er fem saker det ikkje har vore advokat med. Dette kan tyde på at det ved rettsmekling i skjønn hovudsakeleg blir brukt advokat. Det kan vera fordi det er rekvirent som må dekkje nødvendige sakskostnadar til saksøkte jf. skjønnsprosessloven § 54. Det kan òg vera fordi ein har rettshjelpsforsikring som dekker hovuddelen av kostnaden med advokat. Det er ei av dei seks sakene det ikkje blei forlik i som gjekk utan advokat. Dei fem andre sakene det blei brot i, var det to advokatar til stades. Dette viser at advokat ikkje alltid fører til rettsforlik, og ein kan lure på om dei difor ikkje alltid er til god nytte.

Fem meklarar nemner at ein del av det eventuelle etterarbeidet er merking, måling og markarbeid. Det er tre meklarar som seier at ein ikkje kan gjennomføra dette. Det er ikkje heimel til å gjennomføra merking og måling i skjønnsprosesslova eller tvistelova. Noko som vil seie at dei tre meklarane som seier ein ikkje skal gjennomføra slikt har rett. Ein kan sjå på diagram 11 (kart) og 12 (merking) at det er sju saker som har med kart, og det er ei sak som har med merking. Ved rettsfastsetjande saker er det heimel til å gjennomføra merking, måling og markarbeid ved utarbeiding av rettsforlik, men ikkje i skjønn.

Dei fleste meklarane meiner det er like mogleg å tinglyse rettsforlik etter skjønn, som rettsfastsetjande rettsforlik. I diagram 10 (rettsforlik tinglyst) kan ein sjå det er 13 saker der

jordskifteretten tinglyser, fem saker der partane sjølv skal tinglyse og seks saker som ikkje er tinglyst. Det går ikkje fram av tvistelova eller skjønnsprosesslova at ein har heimel til å tinglyse skjønn. Dette betyr at partane sjølv må tinglyse. I rettsforlika der det står kven av partane som har ansvar for å tinglyse verker difor veldig ryddig. Sidan rettssystemet skal vera likt over heile landet, kan det difor ikkje vera nokre plassar der jordskifteretten gjer det og betaler det for partane, og andre ikkje. Ved rettsfastsetjande saker kan jordskifteretten tinglyse forliket.

Det er ikkje vanleg at ein nemner i rettsforliket at ein bruker sær møte. Det er berre ei av sakene som har nemnt dette i rettsprotokollen. Det kan ein sjå i diagram 14 (sær møte). Av intervjuet går det fram at mange fleire har brukt sær møte.

Som krav til kva rettsforlika skal innehalde står det i tvistelova at oppfylingsfrist bør nemnast. I diagram 8 (frist for gjennomføring) står det at 17 av rettsforlika har gjennomføringsfrist. Noko som vil sei at det berre er sju forlik det ikkje er nemnt. For å kunne tvangsfullbyrde må det vera frist jf. tvistelova § 19-11 tredje ledd.

Ved rettsmekling i skjønn skal saka avsluttast med å heve orskurd jf. tvistelova § 19-1 andre ledd bokstav b. I diagram 9 (heves som forlik) kan ein sjå at det er 14 rettsforlik som har heva saka som orskud, og nokre saker som ikkje har nemnt at det er heva orskurd. Sidan saka ikkje får ei realitetsavgjersle, skal det hevast med orskurd. Det bør difor nemnast i rettsforliket at dei er einig om alt saka handla om, og difor kan avsluttast med å heva saka. Dette er ein forskjell frå rettsendrande saker, som og kan avsluttast med jordskifteavgjersle om den inneheldt merking og måling jf. jordskiftelova § 6-23 fjerde ledd bokstav c.

Informasjonsinnhenting, løysingsforslag og slutfase

Det blir nemnt av meklarane at prosessen for korleis ein gjennomfører rettsmeklinga er lik, om det er skjønn og rettsfastsetjande saker. Vindeløv (2013 s.203) har delt opp sin metode på å mekle i seks steg. Meklar 13 nemner at han seier meklinga er delt inn i tre fasar. Men før han startar på å seie fasane, seier han at han startar med ei innleiing. Dette meier Vindeløv er ein del av steg ein. Både Vindeløv og meklarane er einige om at innleiinga blant anna skal innehalde at meklar ynskjer velkomen. Han skal presentera seg sjølv, seie kva for rolle meklaren og partane

har under møtet, og seie at det er frivillig å delta og teieplikt under møtet. Rettsmeklar seier og kva han veit om saka.

Så seier meklar 13 at det er ei informasjonsinnhentingsfase, denne fasen er det Vindeløv kallar steg to. Der partane får fortelje si oppfatning av saka, for å få fram interesser og behov. Som ein del av informasjonsinnhentingsfasen nemner intervjuobjekta at synfaring er viktig (Vindeløv, 2013 s. 209).

Vindeløv formulerer problemet i steg tre. Det skal formulere kva partane ynskjer å finna løysing på. Før dei går vidare til steg fire som er å finna løysingsforslag. Meklarane nemner ikkje noko om å formulere problemstillingane, dei går vidare til løysingsforslag. Dette er Vindeløv sitt steg nummer fire (Vindeløv, 2013 s. 227 og 231). På femte steg skal ein i fylgje Vindeløv vurdere forslaga og forhandle seg fram til ei løysing som tar vare på partane sine interesser (Vindeløv, 2013 s. 239). Meklar 13 kallar dette for forhandlingsfase. Forhandlingsfasen inkluderer Vindeløv sine steg nummer tre, fire og fem.

I siste og sjette steg skal avtalen formulerast. Meklaren bør på dette steget gå gjennom avtalen punkt for punkt, slik at ein får fjerna uklarheiter. Intervjuobjekta nemner fleire måtar ein kan utforme avtalen på. Dette kallar meklar 13 for slutfase.

Ut i frå denne samanlikninga kan ein tolke det som at rettsmeklarane gjennomfører meklinga på om lag same måte som Vindeløv legg opp til. Men som det og blir nemnt, må ein legge meklinga opp etter korleis partane er, at det ikkje går an å lage ei nøyaktig dreiebok. Rettsmeklarane har veldig frie taumar til å gjennomføra rettsmeklinga slik dei ynskjer jf. tvistelova § 8-5.

Ein kan sjå på kva type meklingsmetode rettsmeklarane bruker. Dei seier dei legg vekt på interesser og behov, og at resultatet eventuelt kan føre til ein betre relasjon. Ut i frå dette, kan ein seie dei brukar ein problemløysingmodell. Men i den modellen står det at ein bruker sær møte i stor grad. Eg får inntrykk av at dei fleste av meklarane ikkje bruker sær møte i så stor grad som det går fram av modellen (Vindeløv, 2013 s. 41).

I problemløysingsmodellen står det og at meklaren er veldig delaktig, dette fordi det er sær møte. Det er fleire av intervjuobjekta som seier dei er veldig delaktig, og at det varierer i forhold til korleis partane er. Eg meiner difor ein kan sjå at det er ei blanding av fleire modellar.

Nokre nemner at det er høgt konfliktnivå i saka. Dette betyr ein er kome eit stykke oppover i konfliktrappa. Som ein del av korleis rettsmeklaren legg opp meklinga, prøver dei å få partane til å få betre dialog. Noko som vil seie at dei i mange saker er over trinn fire i konfliktrappa, som er trinnet der samtalen blir redusert (Vindeløv, 2013 s. 82).

Innhald i forliket

Det vanlege ved rettsmekling i skjønn er at sakene handlar om veg. Rettsforliket skal etter tvistelova innehalde det som trengs for at kravet som er rekvirert blir løyst. Intervjuobjekta meiner ein kan vera like kreativ om ein rettsmeklar rettsfastsetjande og skjønn.

Jordskiftelova sin heimel om rettsmekling viser til tvistelova kapittel 8 om rettsmekling, og § 6-26 i jordskiftelova om rettsforliket viser til §§19-11 og 19-12 i tvistelova. Skjønnsprosesslova § 2 viser og til tvistelova kapittel 8 og §§ 19-11 og 19-12. Noko som vil seie at ein i rettsfastsetjande saker etter jordskiftelova, og skjønn etter skjønnsprosesslova, kan vera like kreative når ein utformar rettsforlik. Det blir nemnt av eit av intervjuobjekta at ein må halde seg til den sakstypen ein har starta på.

I diagram 2 (bruk av medhjelpar) kan ein sjå at noko som går igjen er at det blir nytta ein form for medhjelpar under rettsmeklinga. I nokre tilfelle er det ein medhjelpar og i andre tilfelle er personen oppført som teknisk utreiar. Rettsmeklar er sjeldan aleine på meklinga. Meklar 6 nemner at han liker å ha med nokon når han meklar så dei ikkje sit aleine om dei tar pausar. I dei seks sakene det ikkje blei rettsforlik, er det berre ei av sakene som ikkje hadde medhjelpar eller utreiar. Det kan tyde på at det ikkje har så mykje å seie for resultatet om ein har med medhjelpar eller ikkje.

Om ein ser på diagram 3 (talet eigedomar) kan ein sjå at det er vanleg at det er i rettsmekling i skjønn vanlegvis er ein eigedom med i saka, og at det mest vanlege er at ein eigedom kan dra inn fleire eigedomar. Det vanlege er at rekvirent ynskjer vegrett eller meiner han har vegrett til å køyre på saksøkte sin veg. Det er sjeldan det er fleire enn ein eigedom som krev sak. Dei fleste rettsmeklarane eg snakka med meinte ein føresetnad for å gjennomføra rettsmekling var at det ikkje var for mange partar. I alle fall at det ikkje var for mange interesser. Diagrammet underbygger det rettsmeklarane seier.

Det blir sagt av intervjuobjekta at ein fordel med å gjennomføra rettsmekling er at sakene blir raskare gjennomført. Ved raskare gjennomføring kan ein unngå at advokatkostnadane blir høge, og saka blir dermed rimelegare. Ved å sjå på diagram 4 (året saka blei rekvirert) og 5 (året saka blei rettsmekla), kan ein sjå at det er fleire av sakene der det tok to år før saka blei rettsmekla. Dette kan tyde på at sjølv om sakene blir rettsmekla kan tida fram til gjennomføring vere lang.

5.3 Sakskostnadar

Det går fram av rettsgebyrlova § 11 andre ledd at rettsmekling i skjønn skal koste to gongar rettsgebyr å gjennomføra. Frå diagram 17 (kor mykje dei måtte betale i rettsgebyr) går det fram at det er flest saker der det er kravd fem rettsgebyr. Diagrammet stemmer med det som blei sagt under intervjuet, då det varierer kva meklarane meinte ein skulle krevje. Det er fleirtal av saker der det er kravd for mykje i rettsgebyr, i høve til kva rettsgebyrlova seier om skjønnsak som er heva med orskurd.

Dei fleste nemner at det er vanleg å fordele kostnadane likt mellom partane. Av diagram 15 (fordeling av sakskostnadar) kan ein sjå at det er flest saker der det er fordelt likt, men det er nesten like mange saker der det blir betalt av rekvirent. I rettsgebyrlova § 2 andre ledd femte setning står det at ein skal fordele kostnadane likt ved rettsmekling, med mindre dei blir einige om noko anna. Her har dei blitt einige om å fordele likt.

Ein kan sjå ut i frå diagram 16 (andre eigne kostnadar) at det vanlege er at kvar dekkjer eigne kostnadar til juridisk bistand. Intervjuobjekta meiner det er normalt fordi ein får dekkja det gjennom rettshjelpsforsikringa, då forsikringa dekkjer kostnadar med advokat opp til 100 000 kr. Det blir og nemnt at saksøkte eventuelt kan krevje meir i innpåkjøp for å få dekkja store utgifter med advokat. Det er merkeleg sidan rekvirent må betale nødvendige utgifter til saksøkte om det ikkje blir rettsforlik.

Blir det ikkje rettsforlik, fortset saka med skjønn, då er det rekvirent som må betale nødvendige utgifter jf. skjønnsprosesslova §54. Noko som gjer at metoden med at rekvirent betaler eigenandelen til saksøkte må eigne seg godt. Då tar rekvirent kostnadane saksøkte får med saka. Med mindre det har gått over det ein har krav på i rettshjelp. Som nemnt står det i rettsgebyrlova at kostnadane skal fordelast likt på partane om dei ikkje blir einig, noko som kan byggje på det

rettsmeklar 9 nemner, at saka ofte endrar seg når ein gjennomfører rettsmekling. Fordi ein kan trekke inn andre element enn det som i starten var kravet. Dett gjer at saksøkte kan få like god nytte som rekvirent. Noko som gjer at eg kan skjøna at ein deler kostnadane likt på partane, og at ein dekkjer eigne andre kostnadar.

6 KONKLUSJON

Eg hadde som hypotese at det ikkje var så mange saker som var rettsmekla i skjønn. Eit tal på 31 saker viste at rettsmekling i skjønn er ein framgangsmåte som vert stadig meir nytta.

Rettsmeklarane gjennomfører prosessen med rettsmekling i skjønn og rettsfastsetjande saker likt.

Forskjellen ved rettsmekling i skjønn og rettsfastsetjande er at ein ikkje kan gjennomføra merking, måling og tinglysing ved skjønn, noko ein kan etter rettsfastsetjande sak. Ved rettsmekling i skjønn skal saka alltid hevast med orskurd. Medan ved rettsendrande etter jordskiftelova kan det avsluttast med jordskifteavgjerd om det inneheldt merking og måling.

Gebyra for å gjennomføra rettsmeklinga er ulik. Gebyra ved rettsmekling er to gongar rettsgebyr, og ved rettsmekling i rettsfastsetjande er det både inngangsgebyr på fem rettsgebyr og to gongar rettsgebyr i partsgebyr. Dette er noko dei kan velje å justere ned ved rettsfastsetjande sak om det er mindre arbeid, men i hovudsak er det forskjell i gebyra. Fleire av dei som gjennomfører rettsmekling i skjønn er ikkje bevisst denne forskjellen, og har gjennomført både tinglysing, merking og måling. Dei har og tatt meir enn to gongar rettsgebyr i partsgebyr.

Sakskostnadane i rettsmekling i skjønnsaker skal fordelast likt på partane, om dei ikkje er einige om noko anna i rettsforliket. Fordelinga av kostnadane pleier å vera likt fordelt på partane. Dette trass i at rekvirent som hovudregel må betale saksøkte sine kostnadar om det ikkje blir rettsforlik.

7 KJELDER

Referansar

- Bernt, C. (2010). *Meklerrollen ved mekling i domstolene*. 1 utg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving*. 6 utg. Metode og oppgaveskriving for studenter. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Domstoladministrasjonen. (u.å). *Hva vi gjør*. Tilgjengelig fra: <https://www.domstol.no/jordskifterettene/sakstyper/> (lest 14.05.2020).
- Fjell, S. M. (2019). Rettslige rammer for rettsforlik i jordskifteretten. En analyse av jordskifteloven § 6-26. *Tidsskrift for Rettsvitenskap*, 15 (2): 184 -202. doi: https://www.idunn.no/file/pdf/67202644/rettslige_rammer_for_rettsforlik_i_jordskifteretten.pdf.
- Giertsen, J. (2014). *Avtaler*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gjensidige. (u.å). *Husforsikring i detaljer*: Gjensidige. Tilgjengelig fra: <https://www.gjensidige.no/privat/forsikring/bolig-og-innbo/husforsikring/hus?title=Husforsikring+i+detaljer> (lest 28.04.2020).
- Idebanken. (u.å). *Konflikter er et gode når de håndteres godt*: Idebanken. Tilgjengelig fra: <http://www.idebanken.org/innsikt/artikler/konflikthandtering> (lest 20.01.2020).
- Jacobsen, D. I. (2010). *Forståelse, beskrivelse og forklaring : innføring i metode for helse- og sosialfagene*. 2. utg. utg. Kristiansand: Høyskoleforl.
- Johannessen, A., Christoffersen, L. & Tufte, P. A. (2011). *Forskningsmetode for økonomisk-administrative fag*. 3. utg. utg. Oslo: Abstrakt forlag.
- Robberstad, A. (2018). *Sivilprosess*. 4 utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sky, P. K. & Bjerva, Ø. J. (2018). *Innføring i jordskifterett*. 1 utg. Oslo: Universitetsforl.
- Stokstad, S. (2015). Rettsforlik i rettsendrande saker i jordskifteretten. *Kart og Plan*, 75 (2): 155-164. doi: <http://www.kartogplan.no/Artikler/KP2-2015/Rettsforlik%20i%20rettsendrande%20saker%20i%20jordskifteretten.pdf>.

Vindeløv, V. (2013). *Konflikt mægling en refleksiv model*. 3 utg. København: Jurist- og Økonomforbundets forlag.

Forarbeider/ Forskrifter

Ot. prp. nr. 51 (2004-2005) Om lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven)
Justisdepartementet. Oslo

Prop. 101 L (2012-2013). Lov om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast eigedom m.m. (jordskiftelova).

Prop. 33 L (2016-2017) Endring i rettergangslovgivningen mv. (organiseringen av den sivile rettspleien på grunnplanet)

FOR. 2007-01-22-80 Forskrift om rettsmekling for jordskifteretten. Landbruks- og matdepartementet.

FOR-2015-11-10-1267 Forskrift om grenselengdegebyr. Landbruks- og matdepartementet.

Lover

Lov 1. juni 1917 nr 1 om skjønn og ekspropriasjonssaker (skjønnsprosesslova)

Lov av 31. mai 1918 nr 4 om avslutning av avtaler, om fuldmagt og om ugyldige viljeserklæringer (avtaleloven)

Lov 23. oktober 1959 om oreigning av fast eigedom (oreigningslova)

Lov 21. desember 1979 nr.77 om jordskifte o.a.(jordskifteloven)

Lov 17. desember 1982 nr.86 om rettsgebyr (rettsgebyrloven)

Lov 26. juni 1992 nr. 86 om tvangsfullbyrdelse (tvangsfullbyrdelsesloven)

Lov 17. juni 2005 nr.90 om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven)

Lov 21. juni 2013 nr. 100 om fastsetjing og endring av eigedoms- og rettshøve på fast

eigedom m.m (jordskiftelova)

Lov av 15. juni 2018 nr. 38 om behandling av personopplysninger (personvernopplysningsloven)

8 VEDLEGG

VEDLEGG 1 Matrise	59
VEDLEGG 2 Intervjuguide	61
VEDLEGG 3 Søknad til NSD om intervju med rettsmeklarar	63
VEDLEGG 4 Kvittering søknad NSD intervju med rettsmeklarar	68

VEDLEGG 1 Matrise

	Resultat/medhjelpar		År		Talet partar			Jurdisk bistand
	Resultat	Medhjelpar	Året saka blei rekvirert	Året saka blei gjennomført	Talet eigedomar rekvirert	Talet eigedomar saksøkt	Talet eigedomar totalt	Advokat
	1.Forlik 2.Ikkje forlik 3.Holdt rettsmekling, men einheit om utenomrettsligavtale	1.Medhjelpar 2.Ikkje brukt medhjelpar 3.Teknisk utredar	1.2016 2.2017 3.2018 4.2019 5.2020	1.2016 2.2017 3.2018 4.2019 5.2020	1.Ein eigedom 2.To eigedomar 3.Tre eigedomar 4.Fire eigedomar 5.Fem eigedomar 6.Seks eigedomar 7.Sju eigedomar 8.Åtte eigedomar 9.Ni eigedomar 10.Ti eigedomar 11.Elleve eigedomar 12.Tolv eigedomar 13.Tretten eigedomar 14.Fjorten eigedomar 15.Femten eigedomar	1.Ein eigedom 2.To eigedomar 3.Tre eigedomar 4.Fire eigedomar 5.Fem eigedomar 6.Seks eigedomar 7.Sju eigedomar 8.Åtte eigedomar 9.Ni eigedomar 10.Ti eigedomar 11.Elleve eigedomar 12.Tolv eigedomar 13.Tretten eigedomar 14.Fjorten eigedomar 15.Femten eigedomar	1.Ein eigedom 2.To eigedomar 3.Tre eigedomar 4.Fire eigedomar 5.Fem eigedomar 6.Seks eigedomar 7.Sju eigedomar 8.Åtte eigedomar 9.Ni eigedomar 10.Ti eigedomar 11.Elleve eigedomar 12.Tolv eigedomar 13.Tretten eigedomar 14.Fjorten eigedomar 15.Femten eigedomar	1.Ein advokat 2.To advokatar 3.Tre advokatar 4.Fire advokatar 5.Ikkje advokat
	1	2	4	4	1	1	2	5
	1	3	4	4	1	1	2	1
	1	3	2	3	1	1	2	2
	1	1	2	3	1	13	14	4
	2	3	2	4	1	1	2	2
	1	2	3	4	1	1	2	2
	3	3	2	3	1	1	2	1
	1	3	1	2	1	2	3	2
	1	1	4	4	2	4	6	3
	1	2	3	4	1	1	2	1
	1	2	3	3	1	1	2	1
	1	1	4	4	1	1	2	2
	1	1	3	4	1	1	2	1
	2	2	1	2	3	1	4	5
	1	3	4	4	1	1	1	2
	1	2	2	3	1	1	1	2
	1	3	3	4	1	1	1	5
	1	2	4	4	7	4	11	5
	1	2	4	5	1	1	1	1
	1	3	3	3	1	1	2	1
	1	1	4	4	1	3	4	1
	2	3	1	3	1	2	3	2
	1	3	3	3	1	3	4	5
	2	3	2	3	1	1	2	2
	2	3	4	4	1	1	2	2
	2	1	3	3	1	4	5	2
	1	1	4	4	1	1	2	2
	1	1	3	3	1	1	2	2
	1	1	3	4	1	14	15	2
	1	2	3	4	1	1	2	2
	1	3	3	4	1	6	7	2
SUM					40	76	111	
Kode 1	24	9	3	0	28	21	3	8
Kode 2	6	9	6	2	1	2	16	16
Kode 3	1	13	12	11	1	2	2	1
Kode 4			10	17	0	3	3	1
Kode 5			0	1	0	0	1	5
Kode 6					0	1	1	
Kode 7					1	0	1	
Kode 8					0	0	0	
Kode 9					0	0	0	
Kode 10					0	0	0	
Kode 11					0	0	1	
Kode 12					0	0	0	
Kode 13					0	1	0	
Kode 14					0	1	1	
Kode 15					0	0	1	

Spørsmål til rettsmeklar i jordskifteretten

1. Kva fordeler og ulemper ser du med rettsmekling?
2. Kva vurderingar gjer du når du plukkar ut saker du vel å rettsmekle?
3. Kva vil du seie forskjellen på rettsmekling i rettsfastsetjande saker og skjønssaker er?
4. Kva er likskapen på rettsmekling i rettsfastsetjande saker og skjønssaker ?
5. Kan du skildre korleis den siste skjønssaken du rettsmekla blei gjennomført, med eigne ord?
6. Kvifor trur du at de fekk rettsforlik? Kvifor fekk de ikkje rettsforlik?
7. Kva vurdering gjer du om å gjennomføra rettsmekling av rettsfastsetjande saker når det er samband med skjønn?
8. Kva vurdering gjer du om å gjennomføra rettsmekling av rettsendrande når det er i samband me skjønn?
9. Korleis legg du opp meklinga?
10. Kor delaktig er du under mekling, føreslår du løysingar?
11. Bruker du sær møte?
12. Kva type etterarbeid er det i tilknytning med rettsmekling av skjønn?
13. Blei rettsforliket tinglyst?
14. Er det nokre (absolutte) krav som må vera med i rettsforliket i skjønn utover formalia?
15. Kor kreative meiner du ein kan være når ein lager rettsforlik i skjønssaker?
16. Kan ein vera like kreativ når ein lager rettsforlik i skjønssaker som i rettsfastsetjande?
17. Kva dimensjonar/interesser og behov var partane opptatt av?
18. Kva vurderingar gjer du i tilknytning med sakskostander til jordskiftekostander i skjønssaker?
19. Kva vurderingar gjer du i tilknytning med sakskostnader til juridisk bistand(sakkunnig) i skjønssaker?
20. Er det tilfelle i skjønssaker der partane ikkje kjem til semje om fordeling av sakskostnader, og retten må ta avgjersle om det?
21. Noko meir du har lyst å seie om rettsmekling i skjønn?

22. Kan eg kome tilbake til deg seinare om eg har andre spørsmål?

VEDLEGG 3 Søknad til NSD om intervju med rettsmeklarar



Meldeskjema 311352

Sist oppdatert

14.01.2020

Hvilke personopplysninger skal du behandle?

- Navn (også ved signatur/samtykke)
- Adresse eller telefonnummer
- E-postadresse, IP-adresse eller annen nettidentifikator
- Lydopptak av personer
- Andre opplysninger som vil kunne identifisere en fysisk person

Type opplysninger

Du har svart ja til at du behandler andre opplysninger som vil kunne identifisere en person, beskriv hvilke

Rettsforlik

Skal du behandle særlige kategorier personopplysninger eller personopplysninger om straffedommer eller lovovertrедelser?

Nei

Prosjektinformasjon

Prosjektittel

Kva kjenneteikner rettsmekling i skjønn

Dersom opplysningene skal behandles til andre formål enn behandlingen for dette prosjektet, beskriv hvilke

Eventuellet andre som jobber videre med same tema

Begrunn behovet for å behandle personopplysningene

Eg skal gjennomføra intervju med mennesker som har rettsmekla i skjønn, og som ikkje har rettsmekla. Ynskjer å ta lydopptak av intervjuet slik at eg kan følgje med på intervjuet istadenfor å skrive ned det som blir sagt.

Ekstern finansiering

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Åshild Fagerbakke Fosse, ashild.fagerbakke.fosse@nmbu.no, tlf: 40626090

Behandlingsansvar

Behandlingsansvarlig institusjon

Norges miljø- og biovitenskapelige universitet / Fakultet for landskap og samfunn / Institutt for eiendom og juss

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Per Kåre Sky, per.sky@nmbu.no, tlf: 41744508

Skal behandlingsansvaret deles med andre institusjoner (felles behandlingsansvarlige)?

Nei

Utvalg 1

Beskriv utvalget

Mekler hos jordskifteretten

Rekruttering eller trekking av utvalget

Dei eg ynskjer å intervjuer er ansatte i jordskifteretten. Vil intervjuer dei som har mekka rettsmekling i skjønn eller som valgte å ikkje rettsmekle skjønn.

Alder

25 - 70

Inngår det voksne (18 år +) i utvalget som ikke kan samtykke selv?

Nei

Personopplysninger for utvalg 1

- Lydopptak av personer

Hvordan samler du inn data fra utvalg 1?**Personlig intervju****Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger**

Samtykke (art. 6 nr. 1 bokstav a)

Annet

Beskriv

Saksdokument - Rettsforlik

Grunnlag for å behandle alminnelige kategorier av personopplysninger

Allmenn interesse eller offentlig myndighet (art. 6 nr. 1 bokstav e)

Redegjør for valget av behandlingsgrunnlag

a) I saksdokumenter står det navn og kva bruksnummer dei eig. Eg skal ikkje gjengje saksnummer i oppgåva, og dei skal ikkje leggjast ved. Eg skal bruke det saklege innhaldet og kven som har mekka, men dei skal anonymiserast. Det skal ikkje brukast kven det er mekka i mellom. Det skal derfor ikkje vera mogleg å identifisere personane det er mekka mellom. Det skal heller ikkje vera mogleg å finne ut kven som er meklar, for dei skal anonymiserast i oppgåva.

b) Det er større samfunnsnytte å ikkje informere partane fordi det kan blusse opp ei ny konflikt med å pirre i gamle konflikter, det er derfor bedre for samfunnet at dei ikkje kjem i ei ny konflikt som må til domstol. Det går ikkje utover personvernet deira fordi dei ikkje skal nemnast i oppgåva. Eg bruker dokumenta for å finne ut kven som har mekka, og dei skal informerast fordi dei skal intervjua.

c) Eg vil ikkje informere de som har vore med i saka, fordi det skal ikkje vera mogleg å identifisere personane som har vore i ei slik konflikt. Oppgåva handlar om dei som mekler og ikkje dei det har vore mekka i mellom. Dei som har mekka vil få informasjon fordi det er dei eg ynskjer å intervjue, dei skal og anonymiserast.

Informasjon for utvalg 1

Informerer du utvalget om behandlingen av opplysningene?

Ja

Hvordan?

Skriftlig informasjon (papir eller elektronisk)

Tredjepersoner

Skal du behandle personopplysninger om tredjepersoner?

Nei

Dokumentasjon

Hvordan dokumenteres samtykkene?

- Manuelt (papir)

Hvordan kan samtykket trekkes tilbake?

Kan trekkes muntlig

Hvordan kan de registrerte få innsyn, rettet eller slettet opplysninger om seg selv?

Eg skal gjennomføre intervju med lydopptak. Skal transkribere intervjuet. Ber intervjuobjektet om å lese gjennom det transkriberte, skal eg sende dette til dei på e-post.

Totalt antall registrerte i prosjektet

1-99

Tillatelser

Skal du innhente følgende godkjenninger eller tillatelser for prosjektet?

Behandling

Hvor behandles opplysningene?

- Maskinvare tilhørende behandlingsansvarlig institusjon

Hvem behandler/har tilgang til opplysningene?

- Student (studentprosjekt)
- Prosjektansvarlig
- Databehandler

Hvilken databehandler har tilgang til opplysningene?

NMBU sin server W.

Tilgjengeliggjøres opplysningene utenfor EU/EØS til en tredjestat eller internasjonal organisasjon?

Nei

Sikkerhet

Oppbevares personopplysningene atskilt fra øvrige data (kodenøkkel)?

Ja

Hvilke tekniske og fysiske tiltak sikrer personopplysningene?

- Opplysningene anonymiseres

Varighet

Prosjektperiode

02.12.2019 - 22.06.2020

Skal data med personopplysninger oppbevares utover prosjektperioden?

Nei, data vil bli oppbevart uten personopplysninger (anonymisering)

Hvilke anonymiseringstiltak vil bli foretatt?

- Personidentifiserbare opplysninger fjernes, omskrives eller grovkategoriseres
- Lyd- eller bildeopptak slettes

Vil de registrerte kunne identifiseres (direkte eller indirekte) i oppgave/avhandling/øvrige publikasjoner fra prosjektet?

Nei

Tilleggsopplysninger

VEDLEGG 4 Kvittering søknad NSD intervju med rettsmeklarar



NSD sin vurdering

Prosjekttittel

Kva kjenneteikner rettsmekling i skjønn

Referansenummer

311352

Registrert

25.11.2019 av Åshild Fagerbakke Fosse - ashild.fagerbakke.fosse@nmbu.no

Behandlingsansvarlig institusjon

Norges miljø- og biovitenskapelige universitet / Fakultet for landskap og samfunn / Institutt for eiendom og juss

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Per Kåre Sky, per.sky@nmbu.no, tlf: 41744508

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Åshild Fagerbakke Fosse, ashild.fagerbakke.fosse@nmbu.no, tlf: 40626090

Prosjektperiode

02.12.2019 - 22.06.2020

Status

23.01.2020 - Vurdert

Vurdering (1)

23.01.2020 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet den 23.01.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 22.06.2020.

LOVLIG GRUNNLAG - Mekler hos jordskifteretten

Prosjektet vil innhente samtykke fra meklere til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

LOVLIG GRUNNLAG – Parter i sakene

Parter i sakene vil være identifiserbare i saksdokumentene som behandles i prosjektet. Identifiserende opplysninger som navn, bruksnummer, saksnummer osv. vil sladdes ved mottakelse av saksdokumentene. Opplysningene vil være av lite omfang og det vil ikke være mulig å identifisere enkeltsaker eller enkeltpersoner i oppgaven.

Prosjektet vil behandle disse personopplysningene med grunnlag i en oppgave av allmenn interesse. Vår vurdering er at behandlingen oppfyller vilkåret om vitenskapelig forskning, jf. personopplysningsloven § 8, og dermed utfører en oppgave i allmennhetens interesse. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være utførelse av en oppgave i allmennhetens interesse, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav e), jf. art. 6 nr. 3 bokstav b), jf. personopplysningsloven § 8.

PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge meklerne kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20). NSD vurderer at informasjonen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenger parter i sakene kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), protest (art. 21). NSD vurderer at det kan unntas fra informasjonsplikt etter art. 14 nr. 5 b), der personopplysninger ikke har blitt samlet inn fra den registrerte, siden det vil innebære en uforholdsmessig stor innsats å gi informasjon, sett opp mot nytten av å motta informasjon. Personvernulempen reduseres ved at personidentifiserende opplysninger sladdes ved mottakelse av saksdokumentene og ved at det kun benyttes anonyme data i oppgaven.

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

Kontaktperson hos NSD: Eva J B Payne
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)



Norges miljø- og biovitenskapelige universitet
Noregs miljø- og biovitenskapelige universitet
Norwegian University of Life Sciences

Postboks 5003
NO-1432 Ås
Norway